



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Kvam herad
Møtestad:	Heradsstyresalen, Kvam rådhus
Dato:	22.11.2021
Tid:	09:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kjartan Haugsnes tlf. 901 89 542 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Møtet startar med kurs i regi av Deloitte AS om offentlege anskaffingar. Det er sett av inntil to timar til kurset og andre politikarar og heradsadministrasjon er invitert til å delta.

Det er planlagt at Kjartan Haugsnes møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Gjermund Stuve
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.09.2021	2020/73	
	Politiske saker		
PS 25/21	Orientering frå rådmann, kommunal økonomisk bærekraft (KØB)	2020/168	
PS 26/21	Oppfølging forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråver i barnehage	2020/185	
PS 27/21	Deloitte presenterer interimsrevisjonsrapport for 2021.	2020/168	
PS 28/21	Bestilling forvaltningsrevisjon.	2019/46	
PS 29/21	Gjennomgang av møteprotokollar	2020/74	
	Referatsaker		
RS 11/21	Tilsynsrapport helsetilsynet	2020/77	
RS 12/21	Vedtak hst forvaltningsrevisjonsrapport	2020/185	
RS 13/21	Brev Øystese grendalag	2020/77	
RS 14/21	Årsmelding mobbeombudet	2020/77	
	Politiske saker		
PS 30/21	Eventuelt	2020/77	

Godkjenningssaker
GK 7/21 Godkjenning av innkalling og sakliste



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/73-28
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	8/21	22.11.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.09.2021

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 06.09.2021 vert godkjent.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Møteprotokoll frå møte 06.09.2021



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Kvam herad
Møtestad:	Heradsstyresalen, Kvam rådhus
Dato:	06.09.2021
Tid:	09:00 - 12:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gjermund Stuve	Leiar	SP
Anita Sørnes	Medlem	FRP
Håvard Gjerde	Medlem	R

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Michael Iversen	Nestleiar	AP
Svanhild A. Botnen	Medlem	SP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Kjartan Haugsnes	Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Anita Hesthamar	Rådmann (Til PS 18/21)
Unni Renate Moe	Partner Deloitte AS
Kjersti Gjuvsland	Forvaltningsrevisor Deloitte AS
Astrid Anett Steine	Oppvekstsjef (Til PS 18/21)
Ragnar Johnstad	Økonomisjef
Kari Sagen	HR - sjef (Til PS 18/21)

Gjermund Stuve
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/21	Godkjenning av protokoll frå møte 28.04.2021	2020/73	
	Politiske saker		
PS 18/21	Spørsmål til rådmann, rutinar i skulesektoren	2020/77	
PS 19/21	Oppfølging forvaltningsrevisjon trygt og godt skulemiljø i Kvam herad.	2019/19	
PS 20/21	Deloitte presenterer risiko- og vesentlegvurdering av etterleving med økonomiforvaltninga for 2021	2020/168	
PS 21/21	Forvaltningsrevisjonsrapport, Kvalitet, kompetanse og sjukefråver i barnehagar	2020/185	
PS 22/21	Budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2022	2020/91	
PS 23/21	Gjennomgang av møteprotokollar	2020/74	
	Referatsaker		
RS 8/21	Varsel frå KOFA	2021/22	
RS 9/21	Folkevaldopplæring for kontrollutvala på Solstrand 2022	2015/172	
RS 10/21	Invitasjon kontrollutvalsleiaraskulen	2020/55	
	Politiske saker		
PS 24/21	Eventuelt	2020/77	

Godkjenningssaker

GK 5/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 06.09.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det framkom ein merknad til innkalling og sakliste.

Det er problem med nokre epostadresser til medlemmer. Sekretariatet sjekkar opp at medlemmene ligg inne med rette epostadresser før neste innkalling.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent med merknad

GK 6/21 Godkjenning av protokoll frå møte 28.04.2021

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte 28.04.2021 vert godkjent.

Saksprotokoll 06.09.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 28.04.2021

Vedtak

Protokoll frå møte 28.04.2021 vart godkjent.

Politiske saker

PS 18/21 Spørsmål til rådmann, rutinar i skulesektoren

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 06.09.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Medlem Håvard Gjerde hadde sendt ut spørsmål til møtet etter henvending.

Henvendinga dreier i hovudsak om slike tema:

- Tilesttingar inkludert vikarar i Kvammaskulen
- Oppfølging sjukemeldte
- Oppfølging av elevar med særskilte behov.

Henvendinga dreier i hovudsak om slike tema:

- Tilsaman 7 personar har henvendt seg.
- Tilstttingar inkludert vikarar i Kvammaskulen
- Oppfølging sjukemeldte
- Oppfølging av elevar med særskilte behov.

Rådmann Anita Hesthamar orienterte utvalet.

- Rådmannen har laga notat som vert sendt ut saman med protokoll.
- Oppvekstsjef og HR-sjef med i møtet
- Dette er i hovudsak ei (1) personalsak
- Heradet kjenner seg ikkje igjen i «varselet» gjeldande tilsettingsprosessar og viste til skjema «Tilsettingsprosess 2021
- Vikariat - «ringevikarar» Alle tilsettingar skjer gjennom webcruiter som fagforeningane har tilgang til.
- Oppfølging av sjukemeldte - Kvam herad skal følge opp etter plan frå NAV
- Tilstandsrapport gjeldane elevar vert lagt fram for heradsstyret kvart år. Har ikkje motteke klagar i høve spesialundervisning.
- Reduksjon i økonomien for skule til støttesystem gjev meir spesialundervisning.
- Rådmannen meiner at dette ikkje er ei sak for kontrollutvalet. Det føreligg ikkje systemsvikt slik heradet ser det.

Del to av orienteringa vart problematisert i høve personvern og sekretariatet tilrådde utvalet å lukke møtet etter kommunelova § 11-5 a)

Møtet vart samrøystes vedteke lukka etter KL. § 11-5a)

Sekretariatet orienterte om moglege vegar vidare, mellom anna om det kan vere føremålsteneleg å be revisor gjere ein forvaltningsrevisjon kring dei tema som vart drøfta som til dømes:

- Oppfølging av sjukemeldte
- Vikarbruk
- Elevar som mottek spesialundervisning
- Tilsettingsprosessar

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag samrøystes vedteke.

Saka vert teken til orientering. Til neste møte vert det lagt fram sak om tinging av forvaltningsrevisjon etter plan og innspela som kjem fram i denne saka vert teken med til vidare vurdering.

Vedtak

Saka vert teken til orientering. Til neste møte vert det lagt fram sak om tinging av forvaltningsrevisjon etter plan og innspela som framkommer i denne saka vert teken med til vidare vurdering.

PS 19/21 Oppfølging forvaltningsrevisjon trygt og godt skulemiljø i Kvam herad.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet meiner at forbetringsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulen i Kvam» i hovudsak er ferdig gjennomført og kontrollutvalet ser forvaltningsrevisjonsrapporten som ferdig følgt opp.

Saksprotokoll 06.09.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet meiner at forbetringsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulen i Kvam» i hovudsak er ferdig gjennomført og kontrollutvalet ser forvaltningsrevisjonsrapporten som ferdig følgt opp.

PS 20/21 Deloitte presenterer risiko- og vesentlegvurdering av etterleving med økonomiforvaltninga for 2021

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2021 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 22.11.2021 med frist for levering til sekretariatet innan 09.11.2021.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2021 skal handsamast, normalt i april/mai-møtet i 2022, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 06.09.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Partner Unni Renate Moe frå Deloitte AS orienterte utvalet.

Interimsrevsjon vert å handsama i møtet 22.11, men vil verte levert noko etter 09.11

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

4. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
5. Utvalet ber vidare om at interimsrevisjonsrapport 2021 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 22.11.2021 med frist for levering til sekretariatet innan 09.11.2021.
6. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2021 skal handsamast, normalt i april/mai-møtet i 2022, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 21/21 Forvaltningsrevisjonsrapport, Kvalitet, kompetanse og sjukefråver i barnehagar

Forslag til innstilling

Heradsstyret ber rådmannen om å:

1. Etablere eit felles malverk for utarbeiding av årsplanar i barnehagane i heradet, samt ein felles systematikk for oppfølging og evaluering av årsplanar.
2. Tydeleggjere rollar og ansvar for styrarar, pedagogiske leiarar og barnehageeigar når det gjeld arbeidsmiljørelatert arbeid i barnehagane.
3. Sikre at dei etablerte rutinane og malane for arbeidet med å gjennomføre 10-faktorundersøkinga og følgje opp påpeikte betringsområde er tilstrekkeleg kjende for styrarane i barnehagane, og at arbeidet blir gjennomført.
4. Jamleg evaluere om barnehagane blir drive i samsvar med krava i rammeplan og krav til innhald i barnehagen også når det ikkje er tilstrekkeleg dekkja med grunnbemanning i løpet av arbeidsdagen.
5. Når det gjeld arbeid med sjukefråvær i barnehagane:
 - a. a) Etablerer konkrete mål for sjukefråvær.
 - b. b) Sikrar systematisk oversikt over arbeidsrelaterte sjukefråvær lokalt og på tvers av barnehagane.
 - c. c) Etablerer planar for å systematisk følgje opp og førebyggje sjukefråvær.
 - d. d) Evaluerer jamleg om det systematiske arbeidet med førebygging og redusering av sjukefråvær lokalt i barnehagane fungerer som forutsett.
6. Utarbeide oversikt over kompetanse og behov for kompetanse for dei tilsette i barnehagane i heradet.
7. Sikre at det til ei kvar tid er tilstrekkeleg kvalifisert personell i barnehagane.
8. Gjennomføre systematiske risikovurderingar som omfattar mellom anna kva følger sjukefråvær kan ha for barnehagetilbodet.
9. Sikre systematisk og kontinuerleg tilsyn med barnehagane i heradet, under dette:
 - a. a) Gjennomfører risikoenalyse
 - b. b) Utarbeider ein plan for tilsyn
 - c. c) Gjennomfører tilsyn
10. Etablere rutinar som skildrar ansvar og oppgåver knytt til barnehageopptaket i heradet.
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 12.11.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Handsaming i møte

Kjersti Gjuvslund frå Deloitte AS la fram presentasjon av rapporten og svara på spørsmål.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Heradsstyret ber rådmannen om å:

12. Etablere eit felles malverk for utarbeiding av årsplanar i barnehagane i heradet, samt ein felles systematikk for oppfølging og evaluering av årsplanar.
13. Tydeleggjere rollar og ansvar for styrarar, pedagogiske leiarar og barnehageeigar når det gjeld arbeidsmiljørelatert arbeid i barnehagane.
14. Sikre at dei etablerte rutinane og malane for arbeidet med å gjennomføre 10-faktorundersøkinga og følgje opp påpeikte betringsområde er tilstrekkeleg kjende for styrarane i barnehagane, og at arbeidet blir gjennomført.
15. Jamleg evaluere om barnehagane blir drive i samsvar med krava i rammeplan og krav til innhald i barnehagen også når det ikkje er tilstrekkeleg dekkja med grunnbemanning i løpet av arbeidsdagen.
16. Når det gjeld arbeid med sjukefråvær i barnehagane:
 - a. a) Etablerer konkrete mål for sjukefråvær.
 - b. b) Sikrar systematisk oversikt over arbeidsrelaterte sjukefråvær lokalt og på tvers av barnehagane.
 - c. c) Etablerer planar for å systematisk følgje opp og førebyggje sjukefråvær.
 - d. d) Evaluerer jamleg om det systematiske arbeidet med førebygging og redusering av sjukefråvær lokalt i barnehagane fungerer som forutsett.
17. Utarbeide oversikt over kompetanse og behov for kompetanse for dei tilsette i barnehagane i heradet.
18. Sikre at det til ei kvar tid er tilstrekkeleg kvalifisert personell i barnehagane.
19. Gjennomføre systematiske risikovurderingar som omfattar mellom anna kva følger sjukefråvær kan ha for barnehagetilbodet.
20. Sikre systematisk og kontinuerleg tilsyn med barnehagane i heradet, under dette:
 - a. a) Gjennomfører risikoanalyse
 - b. b) Utarbeider ein plan for tilsyn
 - c. c) Gjennomfører tilsyn
21. Etablere rutinar som skildrar ansvar og oppgåver knytt til barnehageopptaket i heradet.
22. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 12.11.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 22/21 Budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2022

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad for 2022 inkludert endringar som vert gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak med budsjettarbeid fram til handsaming i heradsstyret. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2022.

Saksprotokoll 06.09.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad for 2022 inkludert endringar som vert gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak med budsjettarbeid fram til handsaming i heradsstyret. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2022.

PS 23/21 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Saksprotokoll 06.09.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad**Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Referatsaker

RS 8/21 Varsel frå KOFA

Saksprotokoll 06.09.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 9/21 Folkevaldopplæring for kontrollutvala på Solstrand 2022

Saksprotokoll 06.09.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 10/21 Invitasjon kontrollutvalsleiaraskulen

Saksprotokoll 06.09.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

Politiske saker

PS 24/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 06.09.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Ingen saker meldt.

Vedtak

Ingen saker meldt.

Politiske saker

PS 25/21 Orientering frå rådmann, kommunal økonomisk bærekraft (KØB)



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/168-40
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utv.al	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	25/21	22.11.2021

Orientering frå rådmann, kommunal økonomisk bærekraft (KØB)

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til første møte i 2022 som oppfølging av heradet sitt arbeid med kommunal økonomisk bærekraft (KØB) inkludert innspel frå kontrollutvalet.

Samandrag

Kommunedirektøren er invitert til å orientere om kommunen sitt arbeid med kommunal økonomisk bærekraft etter kommunelova sin § 14-1 og § 14-2

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 01. - 02.06.2021 vart det m.a. fokusert på kommunal økonomisk bærekraft (KØB). Det vert i den samanheng vist til kommunelova § 14-1 og § 14-2

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet sendte slik henvending til rådmann 01.11.21:

Kommunelova (KL) § 14-1 omhandlar grunnleggande krav til økonomiforvaltninga i kommunen. Her står det:

- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.*

Det er dette som vert kalla kommunaløkonomisk bærekraft (KØB).

For å ivareta økonomisk bærekraft over tid, har kommunen plikt til å fastsette finansielle måltal, jf. KL § 14-2:

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet*
- b) årsregnskapene og årsberetningene*
- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi*
- d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)*
- e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).*

Kontrollutvalet inviterer med dette rådmannen til møte 22.11.2021 for å orientere kva tiltak eller prosessar heradet gjennomfører for å ivareta den kommunale økonomiske bærekrafta iht KL § 14-1 og 14-2.

Orienteringa kan t.d. omfatte vedlikehaldsetterslep på veg og bygningar, gjeldsgrad mv. Denne orienteringa er tenkt som første stasjon i ei slik orientering og sekretariatet oppmoder utvalet til å kome med innspel til rådmann i vidare oppfølging.

Konklusjon

Informasjonen vert teken til orientering. Rådmannen vert invitert til første møte i 2022 for vidare oppfølging av heradet sitt arbeid med KØB i høve innspel frå utvalet.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/185-18
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	26/21	22.11.2021

Oppfølging forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråver i barnehage

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet seier seg nøgd med at fleire av punkta i forbetningsarbeidet er starta opp etter forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråver i barnehage.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet før sumaren 2022
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat 3 veker før møtedato.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si første oppfølging av vedtak gjort i heradsstyret 20.10.2021 av forvaltningsrevisjon innan barnehage 2021.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Oppfølging forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråver i barnehage
- 2 Handlingsplan
- 3 Kompetanseplan
- 4 Årshjul

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Heradsstyret i Kvam herad handsama forvaltningsrevisjonsrapporten kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i møte 20.10.2021, sak 086/21 og gjorde slikt vedtak samrøystes:

Heradsstyret ber rådmannen om å:

1. Etablere eit felles malverk for utarbeiding av årsplanar i barnehagane i heradet, samt ein felles systematikk for oppfølging og evaluering av årsplanar.
2. Tydeleggjere rollar og ansvar for styrarar, pedagogiske leiarar og barnehageeigar når det gjeld arbeidsmiljørelatert arbeid i barnehagane.
3. Sikre at dei etablerte rutineane og malane for arbeidet med å gjennomføre 10-faktorundersøkinga og følgje opp påpeikte betringsområde er tilstrekkeleg kjende for styrarane i barnehagane, og at arbeidet blir gjennomført.
4. Jamleg evaluere om barnehagane blir drive i samsvar med krava i rammeplan og krav til innhald i barnehagen også når det ikkje er tilstrekkeleg dekkja med grunnbemanning i løpet av arbeidsdagen.
5. Når det gjeld arbeid med sjukefråvær i barnehagane:
 - a) Etablerer konkrete mål for sjukefråvær.
 - b) Sikrar systematisk oversikt over arbeidsrelaterte sjukefråvær lokalt og på tvers av barnehagane.
 - c) Etablerer planar for å systematisk følgje opp og førebyggje sjukefråvær.
 - d) Evaluerer jamleg om det systematiske arbeidet med førebygging og redusering av sjukefråvær lokalt i barnehagane fungerer som forutsett.
6. Utarbeide oversikt over kompetanse og behov for kompetanse for dei tilsette i barnehagane i heradet.
7. Sikre at det til ei kvar tid er tilstrekkeleg kvalifisert personell i barnehagane.
8. Gjennomføre systematiske risikovurderingar som omfattar mellom anna kva følger sjukefråvær kan ha for barnehagetilbodet.
9. Sikre systematisk og kontinuerleg tilsyn med barnehagane i heradet, under dette:
 - a) Gjennomfører risikoanalyse
 - b) Utarbeider ein plan for tilsyn
 - c) Gjennomfører tilsyn
10. Etablere rutinar som skildrar ansvar og oppgåver knytt til barnehageopptaket i heradet.
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 12.11.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp heradsstyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedtaket over er tilbakemelding, dagsett 12.11.2021 motteke i sekretariatet. Tilbakemeldinga m/vedlegg ligg ved.

Av tilbakemeldinga er det verdt å merka seg at rådmannen skriv m.a. dette:

«Eining barnehage er godt i gang med oppfølging av revisjonen. Det er utarbeida ein handlingsplan med tiltak og ansvar, sjå vedlegg. Nokre punkt er meir omfattande og tidkrevjande enn andre.»

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet seier seg nøgd til no med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon barnehage 2021. Vidare vert det likevel tilrådd at kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet før sumaren 2022.



Kvam Kontrollutval v/Kjartan Haugsnes

Vår ref.

21/13127-1/HistNR-20/1549/INGUMO

Dykkar ref.

Dato:

08.11.2021

Svar til kontrollutvalet etter forvaltningsrevisjon i barnehage.

Rådmannen viser til vedtak 086/21 i HST 20.10.21. Heradsstyre bed om ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet med kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Deloitte har gjennomført forvaltningsrevisjon og utarbeidd ein rapport etter dei avtalte punkta kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar i Kvam herad. Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøke korleis Kvam herad arbeider for å redusera og følgje opp sjukefråvær i barnehagane, og korleis dei sikrar tilstrekkeleg kvalitet og kompetanse i barnehagane. I tillegg var det eit føremål å undersøke kva rutinar Kvam har for tilsyn med private barnehagar i heradet.

Eining barnehage er godt i gang med oppfølging av revisjonen. Det er utarbeida ein handlingsplan med tiltak og ansvar, sjå vedlegg. Nokre punkt er meir omfattande og tidkrevjande enn andre.

Helsing

Ingunn Mo

Leiar for barnehage

Telefon: 56 55 30 78

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakarliste:

Anita Hesthamar

Kvam Kontrollutval

v/Kjartan Haugsnes

Astrid-Anett Steine

Handlingsplan - oppfølging av forvaltningsrevisjon barnehage 2021.

	Område	Tiltak	Merknad	Ansvar	Frist
1.	Arbeid med årsplanar Etablere eit felles malverk for utarbeiding av årsplanar i barnehagane i heradet, samt ein felles systematikk for oppfølging og evaluering av årsplanar.	Felles mal for årsplan i kommunale barnehagar.	Leiar for barnehage og styrarane byrjar arbeid med felles mal for årsplan på fagmøte 01.12.21.	Leiar for bhg.	Vår 2022
			Oppretta ei prosjektgruppa som lagar eit utkast som vert sendt ut på høyring til alle styrarane.	Leiar for bhg.	Januar 2022
			Ta felles årsplan i bruk august 2022.	Styrar	Haust 2022
		Felles system for oppfølging og evaluering av årsplanar gjennom årshjul og oppgaver i 1310.	Leiar for barnehage legg oppfølging og evaluering av årsplan inn i 1310.	Leiar for bhg.	01.12.21
			Styrar syt for at årsplanen vert brukt i møter og ved planlegging. Styrar føl opp og dokumenterer i 1310.	Styrar	31.12.22
2.	Arbeidsmiljø Tydeleggjer roller og ansvar for styrarar, pedagogiske leiarar og barnehageeigar når det gjeld arbeidsmiljørelatert arbeid i barnehagane.	Ansvarsfordeling styrar, pedagogisk leiar og barnehageeigar. Rolle- og ansvarsavklaring styrar, tillitsvalt og verneombod.	Leiar for barnehage lagar ein plan for arbeid med arbeidsmiljø i dei kommunale barnehagane. Samarbeid med tillitsvalte, HR og verneombod.	Leiar for bhg og styrar	Haust 2021

	Opplæring « <i>Roller i arbeidsmiljøarbeid</i> ». Arrangør: NAV arbeidslivssenter Deltakrar: Styrar, verneombod og tillitsvalt, HVO og HTV.	Felles forståing for roller og ansvar.	NAV arbeidslivssenter	03.11.21
	Opplæring « <i>Konfliktførebygging og konflikthandtering på arbeidsplassen</i> ». Arrangør: NAV arbeidslivssenter Deltakrar: Styrar, verneombod og tillitsvalt, HVO og HTV.	Bransjetreff med NAV arbeidslivssenter (digitalt).	NAV arbeidslivssenter	24.11.21
	HMS årsplan.	Plan over tiltak som skal gjennomførast i løpet av året.	Leiar for bhg.	01.12.21
	Deltaking 10-faktor. Auka svarprosenten – mål 100% Få oversikt over kven undersøkinga vert sendt ut til i sin barnehage. Avklara på førehand kven den næraste leiaren dei tilsette skal svara til.	Gjennomføring av 10 faktor i oktober/november. Styrar hentar inn oversikt over kven som skal svara i sin barnehage.	Leiar for bhg. og styrar	Haust 2021
	Motivera til deltaking. Legga til rette med tid og utstyr. Etterarbeid og oppfølging. Gjennomgang av malar, rutinar og verktøy for gjennomføring og oppfølging av 10 faktor. Systematisk arbeid med forbetningspunkt etter 10-faktor. Inn i årshjul.	Styrar motiverer og legg til rette for deltaking. Leiar for bhg. motiverer styrarane. Arbeid med 10 faktor på styrarmøte 29.09.21 og 24.11.21. Kontinuerleg arbeid med valde faktorar.	Leiar for bhg., styrar og HR avd. Leiar for bhg.	Haust 2021 2021-2022

[illegible]

		4) Vurdera tilsyn på dette området på bakgrunn av risikovurdering		Mynde	
4.	Sjukefråvær a) Etablere konkrete mål for sjukefråvær.	Mål sjukefråvær tilpassa barnehage. Felles mål for eining barnehage er 8%.	Tilsette få betre kjennskap til kva som ligg i omgrepet «arbeidsrelatert fråvær». Leiar, tillitsvalte og verneombod på arbeidsplassen arbeida saman for å sikre eit godt arbeidsmiljø og redusera sjukefråvær.	Leiar for bhg, styrar, tillitsvalt og verneombod	2022-2023
	b) Sikra systematisk oversikt over arbeidsrelaterte sjukefråvær lokalt og på tvers av barnehagane.	Samarbeid med HR. Meir systematisk HMS-arbeid, fast sak i styrarmøte og i barnehagane. Tilsette få vite at dei er viktige på arbeidsplassen. Kva kan arbeidsplassen og dei sjølve gjera for å redusera sjukefråværet?	Tilsette få kjennskap til kvifor det er viktig for heradet at dei kjenner til at det er arbeidsrelatert sjukefråvær. Erfaringsdeling knytt til arbeid med å redusera sjukefråvær på tvers av bhg.		2022-2023
	c) Etablere planar for å systematisk følgje opp og førebyggje sjukefråvær.	Opplæring «Sjukefråvær» Arrangør: NAV arbeidslivssenter Deltakarar: Styrar, verneombod og tillitsvalt, HVO og HTV. Tiltak for å få ned sjukefråværet i bhg. Systematisk arbeid med førebyggjande arbeid og tiltak.	Få felles kunnskap og styrka samarbeidet.	NAV arbeidslivssenter Leiar for bhg. og styrar	19.01.22
	d) Evaluerer jamleg om det systematiske arbeidet med førebygging og reduisering av	Følgje årshjul for HMS og evaluera arbeidet gjennom året.		Leiar for bhg. og styrar	2022-2023

	sjukefråvær lokalt i barnehagane fungerer som forutsett.				
5.	Kompetanse	Laga fagleg kompetanseplan	Det er laga eit forslag til fagleg kompetanseplan for dei neste 4 åra. Den er presentert for styrarane.	Leiar for bhg. og styrar	Haust 2021
		Laga kompetansepakkar i KS for nytilsette og vikarar.	Legge til rette for gjennomføring.	Leiar for bhg. og styrar	2022-2023
		Tilsette gjennomføra kompetansepakkar i KS, Kvam herad.			
		Utarbeide oversikt over kompetanse og behov for kompetanse for dei tilsette i barnehagane i heradet. Auka kompetanse til personale på arbeidsplassen.	Til bruk ved tilsetjing. Ved fordeling av arbeidsoppgåver mtp pedagogisk arbeid og interessefelt.	Leiar for bhg. og styrar	31.07.22
		Dossir kompetansestyring.		HR avdelinga	2022-2023
		Implementera BTI / COS. Kompetansepakkar KS.	Bruka tid til opplæring, implementering og refleksjonar innanfor ordinær arbeidstid.	Leiar for bhg.	31.12.25
		Vidareutdanning.	Tilby og motivera til vidareutdanning.	Leiar for bhg. og styrar	2022-2023

		Avklare forventingar til kva som ligg i omgrepet kompetanseheving.	Ta opp på personalmøte.	Styrar	31.12.22
6.	Kvalifisert personell Sikrar at det til ei kvar tid er tilstrekkeleg kvalifisert personell i barnehagane.	Kvalifisert personell. Rutine på utlysing av stilling før bruk av dispensasjon. Bruk av felles vikarlistar i webcruiter.	Bruka webcruiter. Bruka tid på opplæring av vikarar. Velgje vikarar med kompetanse.	Styrarane	31.07.22
		Tilstrekkeleg med arbeidskraft. Jamleg vurdering og kontroll.	Tema i medraderettsmøte med organisasjonane	Leiar for barnehage Oppvekstsjef	2022-2023
7.	Risikovurdering sjukefråvær Gjennomføre systematiske risikovurderingar som omfattar mellom anna kva følger sjukefråvær kan ha for barnehage tilbudet.	Årshjul Rosanalyse Rutinar Setje inn vikar for pedagogisk personale ved fråvær utover 14 dagar.		Styrar	2022-2023
8.	Tilsyn Sikre systematisk og kontinuerleg tilsyn med barnehagane i heradet, under dette: a) Gjennomføra risikoanalyse b) Utarbeide plan for tilsyn c) Gjennomføra tilsyn	Laga plan for tilsyn		Mynde	31.12.21
		Gjennomføra risikovurdering - barnehagane gjennomfører eigenvurdering (skjema+ReFlex)		Mynde	Nov-Jan 21/22
		Budsjettprosess 2022 - auka adm.ress. på barnehageområdet til mynde oppgåver		Rådmann/ Oppvekstsjef	Des.2021
		Laga årshjul for tilsyn - gjennomføra tilsyn		Mynde	Vår 2022
9.	Barnehageopptak Etablerer rutinar som skildrar ansvar og oppgåver knytt til barnehageopptaket i heradet.	Skriftleggjere dagens rutinar. Ansvar og oppgåvefordeling. Oversikt over tilrettelegging og særskild kompetanse i dei ulike barnehagane. Arkivering i Compilo.	Rutine for hovudopptak og løpande opptak.	Leiar for bhg, styrar og rådgjevar oppvekst	31.12.22

Kompetanseplan barnehagar 2021 – 2025

Rekom og ekstern vurdering

Rekomp: Regional ordning for kompetanseutvikling som skal bidra til at barnehagane utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Ordninga er eitt av fleire verkemiddel som skal sikra at barn får eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet. (Udir)

Ekstern vurdering: Eit verktøy i oppfølging av Barnehagelova §2 og forskrifta Rammeplan for barnehage kap. 7. Metodikken støttar opp om eigar si kartlegging, vurdering og forankring av systematisk kvalitetsutvikling i barnehage. «Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.» (Rammeplan 2017, s. 38). Ekstern vurdering er starten på eit utviklingsarbeid med eit valt tema.

Mål i vår region: Rekom utført med ekstern barnehagevurdering og oppfølging i 1 ½ år er eit bidrag til barnehagane sitt arbeid med å analysere, vurdere og vidareutvikla kvaliteten på tilbodet for barna i barnehagane i Hardanger/Voss.

Vurderingstema: Barnehagen står fritt til å velja tema ut frå behov, men barnehageeigar har eit ynske om at barnehagane vert vurderte innan temaet «trygt og godt barnehagemiljø».

Barnehage	Ståstadanalyse	Ekstern vurdering	Rettleiing	Rettleiing	Vurderar	Rettleiar UH sektor
Norheimsund barnehage	Haut 2019 (internt)	Vår 2020 Rettleiing	Haut 2021	Vår 2022	Kari Aalvik Hospitant; Tor Einar Wahl	Modgunn Ohm
Ålvik barnehage	Haut 2020 (internt)	Veke 3 2022	Vår og haut 2022 Vår 2023	Vår og haut 2022 Vår 2023	Gerd-Kristine Aasen og Marianne Meling	Modgunn Ohm
Tørvikbygd barnehage	Haut 2021 (internt)	Januar 2022	Vår og haut 2022 Vår 2023	Haut og haut 2022 Vår 2023	Trude Bakken og Kari Aalvik Hospitant: Elisabeth Sleen	Modgunn Ohm

Sjydnahaugen	Haust 2022 (internt)	Vår 2023	Haust 2023	Vår 2024		
Strandebarm barnehage	Haust 2024 (internt)	Vår 2025	Haust 2025	Vår 2026		
Sandven FUS	Haust 2026 (internt)	Vår 2027	Haust 2027	Vår 2028		
Bjørketeigen barnehage	Ikkje avtalt endå. Behov er meldt inn.					

MØTEVERKSEMD

Møte	Frekvens	Innhald
Avdelingsmøte	2 gongar i månaden	- Innkalling med sakliste - Fagleg innhald - Barn - Skriva referat
Pedagogisk leiarmøte	2 gongar i månaden	- Innkalling med sakliste - Fagleg innhald - Rettleiing - Skriva referat
Personalmøte	1 gong i månaden	- Innkalling med sakliste - Fagleg innhald - Skriva referat
Styrarmøter	1 gong i månaden	- Innkalling med sakliste - Fagleg innhald - Rettleiing - Skriva referat
Fagmøte i styrargruppa	1 gong i månaden	- Fagleg tema

COS (circle of security)/tryggleikssirkelen

COS er ein modell som er bygd opp for å analysa og tolka barn sin åtferd, følelsar og behov. Det er ein rettleiingsmodell for foreldre kor målet er å hjelpa foreldre til å få ein trygg tilknytingsstad som igjen vil hjelpa barna til å få ei trygg tilknytning til sine foreldre. Kvam herad har som mål å gjennomføra COS-kurs for foreldre med barn i heradet. I den anledning skal PPT arrangera ei kursrekke for alle tilsette i barnehagar i Kvam. Kursa går 6 gongar a 2 timar. Målet er at foreldre og tilsette skal få same kompetanse, møta barn på same måte og lettare forstå kvarandre i samtalar og rettleiingssituasjonar. Sjydnahaugen barnehage er pilot-barnehage vinteren 2021/2022.

Barnehage	Tidspunkt	Arrangør
Sjydnahaugen (pilotbarnehage)	November/desember 2021 Januar 2022	PPT

Strandebarm og Tørvikbygd	Vår 2022	PPT
Bjørketeigen og Ålvik	Haust 2022	PPT
Norheimsund og Sandven FUS	Vår 2023	PPT

BTI (BETRE TVERRFAGLEG INNSATS)

BTI er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt bekymring til.

Hensikten med BTI-modellen er å sikre heilskapleg og koordinert innsats utan at det vert brot i oppfølginga.

BTI har tre grunnleggande formål: Tidleg innsats, samordning og medverknad.

Barnehage	Tidspunkt	Arrangør
Sjydnahaugen (pilot barnehage)	16. august 2021 14. september 2021 17. september 2021 21. oktober 2021	Ingunn H. Teigland
Strandebarm	03.01.22 Informasjon om BTI på planleggingsdagen	Ingunn H. Teigland
Tørvikbygd	03.01.22 Informasjon om BTI på planleggingsdagen	Ingunn H. Teigland
Norheimsund og Sandven FUS	03.01.22 Informasjon om BTI på planleggingsdagen	Ingunn H. Teigland
Bjørketeigen	03.01.22 Informasjon om BTI på planleggingsdagen	Ingunn H. Teigland
Ålvik	03.01.22 Informasjon om BTI på planleggingsdagen	Ingunn H. Teigland
Felles møte med alle styrarar, spesialpedagogar og tenester som arbeider direkte med barn i barnehagen. Innføring i BTI-handlingsretteleiar, stafettlogg og arbeid med case.	Januar 2022	Ingunn H. Teigland
Fellessamling for alle barnehagetilsette om tema: Samtale med barn, samtale med foreldre, LP og kompetanse om andre tenester, særleg barnevernet.	Planleggingsdag 27.05.22	Ingunn H. Teigland

Kompetansepakkar Kvam herad – KS

KS KURS	Varigheit	Tidspunkt
Tilsett i Kvam	1 – 1 ½ time	På plan.tid og pers.møte i 2022
Etikk i Kvam	1 time	På plan.tid og pers.møte i 2022
Handhygiene	20 min	På plan.tid og pers.møte i 2022
Basale smittevernrutinar	25 min	På plan.tid og pers.møte i 2022
Førebygging av vald og truslar - Lage ROS-analyse i kvar barnehage	1 time	Personale gjennomfører på planleggingsdag 12.11.21
GDPR 8 modular	3 timar	Personale gjennomfører på planleggingsdag 12.11.21

Kompetansepakkar – Trygt og godt barnehagemiljø

Kompetansepakkane ligg på udir.no. Dei er laga for å bygga opp under kollektiv kompetanseutvikling i barnehagen, og for å bidra til at tilsette skal få auka kompetansen om trygt og godt psykososialt barnehagemiljø innanfor gjeldande regelverk. Kompetansepakkane skal bidra til refleksjon over haldningar, normer og barnehagekultur, og til utvikling av eigen praksis og auka handlingskompetanse. Det ligg og leiarstøtte til styrarane.

Modul	Tema	Gjennomføring
	- Gjennomgang plan for førebyggjande arbeid mot mobbing i barnehage - Bruk av aktivitetsplan - Mobbeombod i Vestland Tilsette i barnehage/skule - Vestland fylkeskommune	Fagmøte til styrarane 17.11.21
Modul 0	Introduksjon og innføring til styrarane.	Haust 2021
Mål modul 0: <i>I vår barnehage arbeider me kontinuerleg og systematisk med å fremje eit trygt, godt og inkluderande barnehagemiljø, og med å oppdage, undersøke og forebygge alle former for krenkingar. Me stoppar krenkingar og følg opp med eigna tiltak heilt til barna opplever at dei har eit trygt, godt og inkluderande miljø.</i>		
Modul 1	Psykososialt barnehagemiljø.	14.03.22
Mål modul 1: <i>I vår barnehage har me eit felles kunnskapsgrunnlag om barnehagelova og rammeplanen sine føringar for psykososialt miljø, og om inkludering, sosialt samspel, krenkingar og anerkjenning i barnehagen. Dette gjev oss eit godt utgangspunkt for å vidareutvikla vår praksis til barna sitt beste.</i>		
Modul 2	Følgje med, melde frå og undersøke.	12.09.22

Mål modul 2: *I vår barnehage har me ei felles forståing om korleis me føl med på om barna har det trygt og godt. Me melder frå når me får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har det trygt og godt. Me har kompetanse i å undersøka, observera og å samtala med barna, og me jobbar kollektivt med å tolka og forstå dei observasjonane og samtalane me gjennomfører.*

Modul 3	Tiltak for å fremje, førebygge og handtera.	17.03.23
Mål modul 3: <i>I vår barnehage har vi en felles forståelse om hvordan vi følger med på om barna har det trygt og godt. Vi melder fra når vi får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har det trygt og godt. har vi kompetanse i å undersøke, observere og å samtale med barna, og vi jobber kollektivt med å tolke og forstå de observasjonene og samtalene vi gjennomfører.</i>		
Modul 4	Skriftleg plan.	September 2023
Mål modul 4:		
Modul 5	Fellesskapande aktivitetar.	Mars 2024
Mål modul 5:		
Modul 6	Barns utvikling.	September 2024
Mål modul 6:		
Modul 7	System og kontinuitet.	Mars 2025
Mål modul 7:		

Modulane 4-7 er ikkje lagt ut på UDIR sine sider endå.

10 faktor

10-FAKTOR er heradet sitt digitale utviklingsverktøy som vert brukt i medarbeidarundersøkingar. Undersøkinga er basert på ti faktorar som er viktige innsatsfaktorar for å oppnå organisasjonen sine mål og kvalitet på tenesta. Undersøkinga skal følgjast opp og skjer anna kvart år.

År 2021 – 2023 – 2025

Foreldreundersøking

Kvam herad nyttar foreldreundersøkinga på udir.no. I foreldreundersøkinga får foreldre/føresette høve til å seie si meining om barnehagetilbodet, barn sin trivsel og samarbeid mellom barnehage og heim. Det er viktige tilbakemeldingar til barnehagen og barnehageeigar i arbeidet med å vurdere og utvikla barnehagetilbodet. Undersøkinga skal følgjast opp og skjer anna kvart år.

År 2022 – 2024

HMS arbeid for kommunale barnehagar 2022-2024.

Visjon

Kvam herad har som visjon å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid. Visjonen ligg til grunn for den vedtekne kommuneplanen for 2015-2030 (HST-064/15, 6.10.15). Slagordet ut frå visjonen er «Framtida er her».

Hovudmål

Ein føresetnad for trivsel er gode oppvekstmiljø og arbeidsmiljø. Me ønskjer at dei tilsette er friske og på jobb. Me vil ha eit trygt arbeidsmiljø og førebyggja at sjukdom relatert til arbeidsmiljø oppstår.

Hovudmål

HMS-systemet skal til ei kvar tid vera oppdatert.

Rutine for å følge opp sjukefråvær i Compilo: <https://x02.ksx.no/system.php?item=1465>

Årshjul

Månad	Oppgåve	Ansvar
Januar	- Arbeidsmiljø: Ergonomi - Medråderettsmøte - ROS analyse - Kontroll av uteområdet - Tema om arbeidsmiljø og sjukefråvær fast tema på styrarmøte	Styrar, tillitsvalt og verneombod. Styrar, tillitsvalt og verneombod. Styrar og verneombod. Styrar. Leiar for bhg.
Februar	- Utviklingssamtalar - Medråderettsmøte - Kontroll av uteområdet	Styrar og leiar for bhg. Styrar, tillitsvalt og verneombod. Styrar.
Mars	- ROS analyse: Vel ut faktorar frå oversikt risikofaktorar - Medråderettsmøte - Kontroll av uteområdet	Styrar og verneombod. Styrar, tillitsvalt og verneombod. Styrar.

	- Tema om arbeidsmiljø og sjukefråvær fast tema på styrarmøte	Leiar for bhg.
April	- Arbeidsmiljø: Avvikshandtering - Medråderettsmøte - Kontroll av uteområdet - Ped.leiar har medarbeidersamtalar - Ferieplanlegging - Tema om arbeidsmiljø og sjukefråvær fast tema på styrarmøte	Styrar, tillitsvalt og verneombod. Styrar, tillitsvalt og verneombod. Styrar. Ped.leiar. Styrar og tillitsvalt. Leiar for bhg.
Mai	- Vernerunde - ROS analyse - Kontroll av uteområdet - Medråderettsmøte - Uvarsla brannøving - Tema om arbeidsmiljø og sjukefråvær fast tema på styrarmøte	Styrar og verneombod. Styrar og verneombod. Styrar. Styrar, tillitsvalt og verneombod. Styrar og verneombod. Leiar for bhg.
Juni	- Fokus på sosial samvær med personale - Medråderettsmøte - Kontroll av uteområdet - Tema om arbeidsmiljø og sjukefråvær fast tema på styrarmøte	Sosialkomiteen på arbeidsplassen. Styrar, tillitsvalt og verneombod. Styrar. Leiar for bhg.
Juli		

August	- Arbeidsmiljø: Tilrettelegging og medverknad - Introduksjonssamtale til nytilsette. - Medråderettsmøte - Fyrstehjelpsundervisning - Gjennomgang av HMS og brannvern - Gjennomgang av sjukefråværsrutinar og rutinar for konflikthandtering - Tema om arbeidsmiljø og sjukefråvær fast tema på styrarmøte	Styrar, tillitsvalt og verneombod. Styrar. Styrar, tillitsvalt og verneombod Styrar Styrar, tillitsvalt og verneombod Styrar, tillitsvalt og verneombod. Leiar for bhg.
September	- Arbeidsmiljø: vald og truslar - ROS analyse - Kontroll av uteområdet - Kontroll av bemanning i barnehagen iht barnehagelova - Brannvern m/brannøving - Opprette foreldreråd og SU - Tema om arbeidsmiljø og sjukefråvær fast tema på styrarmøte	Styrar, tillitsvalt og verneombod. Styrar og verneombod. Styrar. Styrar og leiar for bhg. Styrar og verneombod. Styrar Leiar for bhg.
Oktober	- Medråderettsmøte	Styrar, tillitsvalt og verneombod

	- Brannverntema og varsla brannøving - Foreldreundersøking - Tema om arbeidsmiljø og sjukefråvær fast tema på styrarmøte	Styrar og verneombod Styrar. Leiar for bhg.
November	- Arbeidsmiljø: Stresshandtering - Medraderettsmøte - Foreldreundersøking UDIR (annakvart år) - 10 faktorundersøking (annakvart år) - ROS analyse - Vernerunde - Branntilsyn - Tema om arbeidsmiljø og sjukefråvær fast tema på styrarmøte	Styrar, tillitsvalt og verneombod. Styrar, tillitsvalt og verneombod. Styrar. Styrar. Styrar og verneombod. Styrar og verneombod. Styrar Leiar for bhg.
Desember	- Evaluering av HMS arbeidet - Medraderettsmøte - Kontroll av uteområdet - Fokus på sosialt samvær med personale - Tema om arbeidsmiljø og sjukefråvær fast tema på styrarmøte	Styrar, tillitsvalt og verneombod. Styrar, tillitsvalt og verneombod. Styrar. Sosialkomiteen på arbeidsplassen. Leiar for bhg.

Oppgåvene vert lagt inn i 1310 slik at styrar får varsling før frist.

Verktøy

NAV arbeidslivssenter kan delta på fellessamlingar eller i den einskilde barnehage.

Idebanken har tips og råd om oppfølging av sjukefråvær og arbeidsmiljø, [Idebanken - inkluderende arbeidsliv - arbeidsmiljø - sykefravær \(idebanken.org\)](https://idebanken.no/inkluderende-arbeidsliv-arbeidsmiljo-sykefravær)

Oppfølging av 10 faktor [Oppfølging av 10-FAKTOR - for ledere og medarbeidere | 10FAKTOR](#)

ROS ANALYSE

ROS-analyse står for risiko- og sårbarhetsanalyse. Ved å kartlegga sannsynlegheit og konsekvens av uønskte hendingar kan me prioritera risikoområde og planlegga tiltak for å forhindra dei eller redusera konsekvensen av dei dersom det skulle oppstå.

Risiko er eit uttrykk for den fare som uønskte hendingar representerer for mennesket, miljø og materielle verdiar.

Sårbarheit er eit uttrykk for systemet sin evne til å fungera og oppnå måla når det vert utsett for påkjenningar.

Risikofaktorar/situasjonar i barnehagar som kan brukast ved ROS analyse:

Relasjonelle og emosjonelle faktorar	Fysiske faktorar	Psyko-sosiale faktorar	Organisatoriske faktorar	Ergonomiske faktorar	Kjemiske og biologiske faktorar
Foreldre/pårørande som har dårleg oppførsel som fører til mistriksel blant tilsette	Støy	Konfliktar mellom tilsette eller mellom tilsette og leiar	For få tilsette i forhold til borna sitt behov	Mange løft	Foreldre sender born i barnehagen sjølv om dei er sjuke
Vald og truslar	For store grupper av born	Fråverande leiar	Lite ressursar til støtte-funksjonar (merkantil og kjøkken)	Mykje av- og påkledning	Smittefare for tilsette (både luftsmitte og kroppsvæske/stell)
Urealistiske forventningar til tilretteleggings-moglegheiter for barnet sitt	Ueigna bygningar	Leiar har ikkje fokus på leiaroppgåver	Krav om auka opningstid utan auke i ressursane	Årsaker til sjukefråvær	
Ryktespreiing i foreldregruppa	Dårleg inneluft	Leiar har ikkje fokus på, eller kunnskap om HMS	Ikkje tilstrekkeleg kvalifisert bemanning		
Negativ omtale av tilsette i sosiale medium	Feil inne-temperatur	Høgt sjukefråvær			
	Trong gang, liten plass til av- og påkledning				



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/168-41
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	27/21	22.11.2021

Deloitte presenterer interimsrevisjonsrapport for 2021.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2021 for Kvam herad frå Deloitte til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal presentere resultatet av den gjennomførte interimsrevisjonen i Kvam herad for rekneskapet for 2021.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Kvam herad har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i heradet, jf. kommunelova § 23-2, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at

a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte

b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor

c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapen vert revidert på ein betryggande måte og halde seg løypande orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

I møte i kontrollutvalet 06.09.2021 orienterte Deloitte om sin revisjonsplan, om rekneskapsrevisjonen så langt i 2021 og presenterte risikovurdering for etterlevingskontroll for rekneskapen for 2021.

I dette møtet skal dei presentere oppsummeringa av arbeidet med interimrevisjon. Presentasjonen av denne oppsummeringa, vil på same måte som presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll, vera eit ledd i å sjå til at Kvam herad sine reknskaper vert revidert på ein betryggande måte og at Kvam herad har ei forsvarleg revisjonsordning.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å kome med forslag til fokusområde i årsoppgjersrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva dei skal sjå på. Oppsummeringa vert ettersendt.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimrevisjonen for 2021 frå Deloitte til orientering.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/46-25
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utv. saksnr.	Møtedato
28/21	22.11.2021

Bestilling forvaltningsrevisjon.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 01.02.22
4. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kva område neste forvaltningsrevisjon skal gjennomførast innan.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Plan for forvaltningsrevisjon

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kvam heradsstyre vedtok i sak 85/20 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 i møte 16.06.2020, der desse 8 prosjekta var sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Barnehagar: Sjukefråvær og bruk av vikarar
2. Vedtaksoppfølging
3. Innkjøp
4. Berekraft, klima og miljø
5. Hardanger AKS AS (Storeholmen)
6. Leverandør- og kontraktsoppfølging
7. Investeringar
8. Kvammabadet KF

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Det er no tid for å bestille ein ny forvaltningsrevisjon. No når kontrollutvalet har gjennomført prioritert prosjekt 1, står utvalet noko friare til å velge nytt prosjekt. Dersom det viser seg at det har skjedd ting som gjer at risikobiletet har endra seg etter at planen vart vedteke, er det heilt naturleg å endre rekkefølge på prosjekta. (Plan for forvaltningsrevisjon ligg ved)

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar/moment som ein vil at revisor skal finna svar på.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksle på omtale av dei tre første prosjekta, slik det kjem fram i den vedtekne plan for forvaltningsrevisjon, og analysedokumentet som ligg til grunn for den:

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Barnehagar: Sjukefråvær og bruk av vikarar	Gjennomført og handsama i heradsstyret 20.10.2021
2	Vedtaksoppfølging	- System for oppfølging og iverksetting - Effektiv rapportering - Oversikt over vedtak <u>Frå analysedokumentet:</u> Det er fleire som etterlyser eit betre system for å halde oversikt over vedtak. Det kan opplevast som utfordrande for politikarane å leite opp informasjon om kva som er prosess og status for vedtak som er fatta. I tillegg er det arbeidskrevjande for administrasjonen å svare ut spørsmål knytt til vedtaka fordi politikarane ikkje finn denne informasjonen sjølv. Heradet har fram til no hatt ein oversikt over vedtaksoppfølginga i Excel, med tilbakemelding på kvart enkelt vedtak. Kommunen har kjøpt verksemdstyringsverktøyet Framsikt for å halde oversikt over vedtak i framtida. Alle vedtak skal inn i dette systemet. Ein er ikkje kome i gang med dette, og det manglar opplæring av administrasjonen i korleis ein skal bruke systemet og oppdatere statusen på vedtaka. - Risiko for unødig tidsbruk i administrasjonen.

		Risiko for at vedtak ikkje blir iverksett og tilfredsstillande følgd opp.
3	Innkjøp	- System, rutinar og kompetanse for gjennomføring av innkjøp i samsvar med regelverk - Bruk av rammeavtalar <u>Frå analysedokumentet:</u> Regelverket for offentlege anskaffingar er komplekst og stiller strenge krav til innkjøparar. Det er slik ein ibuande regulatorisk risiko på området. I undersøkinga blir det ikkje peika på særskilt risiko knytt til innkjøp. Heradet har ein ein controllar og ein jurist arbeider med innkjøp. Ofte sterkt ønske blant tilsette om å nytte lokale leverandørar sjølv om kommunen ikkje har avtale med desse. Også døme på at einingar opplever at dei får svært gode tilbod som dei ønskjer å nytte, men oppfatninga er at desse tilfella blir fanga opp. - Risiko for brot på regelverket - Risiko for kostnadsineffektive innkjøp - Risiko for økonomiske mislegheiter knytt til innkjøp

I tillegg hadde kontrollutvalet i Kvam herad slik handsaming og gjorde slikt vedtak i møte 06.09.2021, PS 18/21

Medlem Håvard Gjerde hadde sendt ut spørsmål til møtet etter henvending.

Henvendinga dreier i hovudsak om slike tema:
Tilsettingar inkludert vikarar i Kvammaskulen
Oppfølging sjukemeldte
Oppfølging av elevar med særskilte behov.

Henvendinga dreier i hovudsak om slike tema:
Tilsaman 7 personar har henvendt seg.
Tilsettingar inkludert vikarar i Kvammaskulen
Oppfølging sjukemeldte
Oppfølging av elevar med særskilte behov.

Rådmann Anita Hesthamar orienterte utvalet.

Rådmannen har laga notat som vert sendt ut saman med protokoll.

Oppvekstsjef og HR-sjef med i møtet

Dette er i hovudsak ei (1) personalsak

Heradet kjenner seg ikkje igjen i «varselet» gjeldande tilsettingsprosessar og viste til skjema «Tilsettingsprosess 2021

Vikariat - «ringevikarar» Alle tilsettingar skjer gjennom webcruiter som fagforeningane har tilgang til.

Oppfølging av sjukemeldte - Kvam herad skal følge opp etter plan frå NAV
Tilstandsrapport gjeldane elevar vert lagt fram for heradsstyret kvart år. Har ikkje motteke klagar i høve spesialundervisning.

Reduksjon i økonomien for skule til støttesystem gjev meir spesialundervisning.
Rådmannen meiner at dette ikkje er ei sak for kontrollutvalet. Det føreligg ikkje systemsvikt slik heradet ser det.

Del to av orienteringa vart problematisert i høve personvern og sekretariatet tilrådde utvalet å lukke møtet etter kommunelova § 11-5 a)

Møtet vart samrøystes vedteke lukka etter KL. § 11-5a)

Sekretariatet orienterte om moglege vegar vidare, mellom anna om det kan vere føremålsteneleg å be revisor gjere ein forvaltningsrevisjon kring dei tema som vart drøfta som til dømes:

- Oppfølging av sjukemeldte
- Vikarbruk
- Elevar som mottek spesialundervisning
- Tilsettingsprosessar

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag samrøystes vedteke.

Saka vert teken til orientering. Til neste møte vert det lagt fram sak om tinging av forvaltningsrevisjon etter plan og innspela som kjem fram i denne saka vert teken med til vidare vurdering.

Konklusjon

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.

For at Deloitte skal komme godt i gang med arbeidet, slik at heile prosjektet vert utført i 2022, vert det tilrådd at kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen. Prosjektplanen vert å levere sekretariatet innan 01.02.2022.



Kvam herad

Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024

Mai 2020

Innhold

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon	4
1.2	Krav til plan for forvaltningsrevisjon	4
1.3	Krav til risiko- og vesentlegvurdering	4
2.	Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2020-2024	6
2.1	Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	6
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	7
3.	Gjennomføring av forvaltningsrevisjon	8
3.1	Framgangsmåte	8
3.2	Gjennomføring og rapportering	8

1. Innleiing

1.1 Krav til forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-2 bokstav c) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen sin verksemd og av selskap kommunen har eigarinteresser i. Same lov § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av:

- økonomi,
- produktivitet,
- regeletterleving,
- målinnfriing og
- verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

1.2 Krav til plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

I følgje kommunelova § 23-3 femte ledd er det heradsstyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon, men heradsstyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen:

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

1.3 Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-3 tredje ledd stiller krav om at planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

På oppdrag frå kontrollutvalet har Deloitte gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering i Kvam herad. Føremålet har vore å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det var mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si verksemd har teke utgangspunkt i risiko for manglar eller avvik knytt til produktivitet, målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, internkontroll og/eller effektivitet. Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap har teke utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. I tillegg har det blitt vurdert kor vesentlege selskapa er for kommunen, med utgangspunkt i brukarperspektivet/samfunnsnyttan og dei økonomiske interessene dei representerer for kommunen.

Informasjon som ligg til grunn for risiko- og vesentlegvurderinga, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking til tilsette og politikarar i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.

På bakgrunn av risiko- og vesentlegvurderinga er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre og prioritert dei områda dei meiner det er mest vesentleg å undersøkje.

2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2020-2024

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper; ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og mindre vesentlege å gjennomføre ein forvaltningsreisjon av. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avheng av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til dei einskilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentleg-vurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise forvaltningsrevisjonsprosjekta.

Forvaltningsrevisjon av selskap kan kombinerast med eigarskapskontroll (sjå plan for eigarskapskontroll 2020-2024).

2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 1: Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Barnehagar: Sjukefråvær og bruk av vikarar	• Omfang av sjukefråvær og vikarbruk • Tiltak, system og rutinar ved fråvær og vikarbruk • Ivaretaking av pedagogisk tilbod og tryggleik
2	Vedtaksoppfølging	• System for oppfølging og iverksetting • Effektiv rapportering • Oversikt over vedtak
3	Innkjøp	• System, rutinar og kompetanse for gjennomføring av innkjøp i samsvar med regelverk • Bruk av rammeavtalar
4	Berekraft, klima og miljø	• Oppfølging og etterleving av FNs berekraftsmål • Klimaavtrykk • Klimarekneskap • Naturmangfald
5	Hardanger AKS AS (Storeholmen)	• Økonomistyring • Internkontroll og HMT • Målinnfring • Brukarmedverknad • Samhandling mellom selskap og kommunale tenester
6	Leverandør- og kontraktsoppfølging	• Rutinar for leverandør- og kontraktsoppfølging • Etterleving av rutinar • Oppfølging av krav i arbeidsmiljølov • Kontroll av utvalde kontraktar
7	Investeringar	• Prosjektplanlegging • Prosjektstyring • Etterleving av innkjøpsreglar • Kontrahering • Kontraktsoppfølging
8	Kvammabadet KF	• Styring

		• Drift
--	--	---------

2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 2: Uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt
Rusomsorg og psykisk helse
Informasjonstryggleik
Opplæring til minoritetsspråklege elevar
Vedtakspraksis ved forvaltarkontor
Byggesak
Kvam kraftverk AS
Rekruttering
Intern kontroll
Digital kompetanse og digitalisering
Økonomi og budsjettering
Vaksenopplæring
Barnevern
Tilpassa opplæring og spesialundervisning
Flyktningetjenester
Pleie og omsorg
Rusomsorg og psykisk helse
Sosiale tjenester i NAV
Vatn og avløp
Kommunale vegar
Offentlegheit og innsyn
Innsynspraksis
Arealplanar
Landbruk og næring
Kulturskule

Dersom heradstyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

3. Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

3.1 Framgangsmåte

Revisor vil følge standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) ved gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei einskilde prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg breidde i datamaterialet til å kunne utføre heilskapleg analysar og vurderingar. Ei slik metodetriadangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellukka forvaltningsrevisjonsprosjekt er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium¹ ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei einskilde prosjekta. Før ein forvaltningsrevisjon blir starta opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein forvaltningsrevisjon med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til rådmannen. Rapport frå forvaltningsrevisjonen vil også bli sendt til høyring til rådmannen før den blir lagt fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt heradstyret saman med rapporten. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at heradstyret sitt vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgt opp.

¹ Normer og standardar som forvaltninga blir vurdert opp mot (vedtak, regelverk, mål)



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2020 Deloitte AS



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/74-12
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	29/21	22.11.2021

Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad som kan vera av interesse for utvalet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 09.03.2020 vart kontrollutvalet samde om å fordele oppgåvene med å lese gjennom møteprotokollane slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Heradsstyret	Anita Sørnes
Formannskapet	Håvard Gjerde og Svanhild A. Botnen
Miljø, plan og bygningsutval	Gjermund Stuve og Michael Iversen

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad. Møteprotokollane kan lastast ned frå heimesida til heradet på denne lenkja: <https://www.kvam.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan/>

Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i heradet på, og kunne fange opp saker som no eller på eit seinere tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som er aktuell for gjennomgang:

- Heradsstyret 20.10, 09.11
- Formannskapet 07.10, 03.11
- Miljø, plan og bygningsutval 05.10, 02.11

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av protokollane som kontrollutvalet bør vite meir om, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga over til orientering.

Referatsaker
RS 11/21 Tilsynsrapport helsetilsynet

Helsetilsynet / Tilsyn / Tilsynsrapporter / Vestland / 2021

TILSYNSRAPPORT

Rapport frå tilsyn med tvungen helsehjelp til personar utan samtykkekompetanse, Tolo Omsorg, Kvam herad 2021

Tidsrom for tilsynsbesøket:

19-20 og 25-27.05.21

Statsforvalteren i Vestland

06.10.2021

Innholdsfortegnelse

1. Tilsynets tema og omfang
2. Aktuelt lovgrunnlag for tilsynet
3. Framstilling av faktagrunnlaget
4. Vurdering av faktagrunnlaget opp mot aktuelt lovgrunnlag
5. Statsforvaltarens konklusjon
6. Oppfølging av lovbrøt

Vedlegg: Gjennomføring av tilsynet

Alle tilsynsrapporter fra dette landsomfattende tilsynet

Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte tilsyn med Tolo Omsorg, Kvam herad, 19., 20., 25. og 27. mai 2021. Vi undersøkte om kommunen sørger for at helsehjelp gitt med tvang blir utført i samsvar med aktuelle lovkrav, slik at pasientane får trygge og gode tenester.

Tilsynet blei gjennomført som del av eit landsomfattande tilsyn, initiert av Statens helsetilsyn.

Konklusjon:

Kvam herad har ikkje eit system som sikrar at det blir gjort vurdering av samtykkekompetanse og vurdering av om helsehjelp skal bli gjennomført med tvang hos pasientar som viser motstand mot helsehjelp ved Tolo Omsorg.

Dette er brot på:

Pasient- og brukarrettslova § 4A-2, 4A-3, 4A-5, jf. forskrift om leiling og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta §§ 6-9.

I brev av 31.08.2021, går det fram at Kvam herad ikkje hadde merknader til faktagrunnlaget i førebels rapport.

Vi ber om at de sender oss ein plan for korleis de vil rette opp lovbrottet, innan 06.10.2021. Det går fram av rapportens kapittel 6, kva denne planen skal innehalde.

1. Tilsynets tema og omfang

I dette kapittelet skildrar vi kva som vart undersøkt i tilsynet.

Det landsomfattande tilsynet med kommunale helse- og omsorgstenester i 2020/2021 er retta mot kommunens praktisering av tvungen somatisk helsehjelp.

Statsforvaltaren har undersøkt om kommunen sikrar at pasientar som manglar samtykkekompetanse får nødvendig helsehjelp, og at helsehjelpa så langt som råd blir gitt utan bruk av tvang.

Undersøkingane har vore retta mot kommunen sine heimetenester i Tolo Omsorg og gjeld følgande område:

1. om pasientar sin motstand mot helsehjelp blir fanga opp
2. om motstand frå pasientar blir følgt opp med tillitsskapande tiltak
3. om pasientars samtykkekompetanse blir vurdert og den som er ansvarleg for helsehjelpa vurderer om helsehjelpa skal bli gjennomført med tvang
4. om tvungen helsehjelp blir fortløpande evaluert i gjennomføringsperioden

Statsforvaltaren har gjennomført tilsynet som systemrevisjon. Det inneber at vi har undersøkt korleis kommunen styrer og leiår helsetenesta og helsepersonellet sin praktisering av tvungen somatisk helsehjelp, og om dei aktuelle lovkrava blir oppfylt. Møte og intervju blei gjennomført digitalt grunna Covid-19, medan journalgjennomgangen blei gjort i kommunen.

Statsforvaltaren legg vekt på brukarmedverknad, og vi har derfor hatt telefonsamtale med fire pårørande til pasientar ved Tolo Omsorg. Vi har også hatt samtale med to fastlegar for å få informasjon om samarbeid og informasjonsutveksling innanfor tilsynsområda.

2. Aktuelt lovgrunnlag for tilsynet

Statsforvaltaren er gitt mynde til å føre tilsyn med kommunale helse- og omsorgstenester i helse- og omsorgstenestelova § 12-3 og helsetilsynslova § 4 andre ledd. For dette tilsynet er det undersøkt om kommunen oppfyller krav i:

- Pasient- og brukarrettslova (pbrl.)
- Helse- og omsorgstenestelova (hol.)
- Helsepersonellova (hpl.)
- Forvaltningslova (fvl.)
- Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta
- Forskrift om pasientjournal
- Forskrift om fastlegeordning i kommunane

Kommunens plikt til systematisk leiing og kvalitetsforbetring

Kommunen har ei generell plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda slik at tenestas omfang og innhald er i samsvar med lov og forskrift, jf. hol. § 3-1 tredje ledd. Desse styringskrava må bli sett i samanheng med internkontrollplikta etter helsetilsynslova § 5. Dei må vidare bli sett i samanheng med ansvaret for å tilby og yte forsvarlege helse- og omsorgstenester, og med plikta til å arbeide systematisk for kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik, jf. hol. §§ 4-1 og 4-2.

Innhaldet i styringskrava er nærare regulert i forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta. Internkontroll blir omtalt i forskrifta som styringssystem. Styringssystemet er summen av dei aktivitetar, system og prosessar som kommunen tar i bruk for å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere tenestene, jf. forskrifta §§ 6-9. Styringssystemet skal være tilpassa kommunens størrelse, eigenart, aktivitetar og risikoforhold, og ha det omfang som er nødvendig, jf. forskrifta § 5. Tilsvarende gjeld for i kva grad kommunen skal dokumentere styringsaktivitetane.

I dette tilsynet har vi hatt merksemd på følgande styringskrav:

Kommunen har oversikt over område innanfor tvungen helsehjelp der det er risiko for svikt eller mangel på etterleving av myndigheitskrav, jf. § 6d

Det inngår i plikta til å planlegge og også ha oversikt over område der det er risiko for svikt. Tvungen helsehjelp er eit risikoområde som krev skjerpa merksemd på risikostyring og risikohandtering. For at kommunen skal ha grunnlag for å velje styringstiltak som reduserer risiko, må kommunen ha oversikt over kvar det er risiko og sårbarheit i eiga verksemd.

Kommunen har klar fordeling av ansvar, oppgåver og mynde jf. §§ 6a og 7a

Kommunen skal ha ei klar organisering av helsetenestene og organiseringa skal være kjend for dei tilsette. Uklår organisering og fordeling av ansvar og oppgåver mellom ulike tenester og mellom helsepersonell er ei hyppig årsak til svikt i tenestene. På området tvungen helsehjelp er det ofte fleire helsepersonell som yter helsehjelp til same pasient, men med ulik kompetanse. Det er då heilt vesentleg å ha ei klår fordeling av ansvar, oppgåver og mynde for å redusere svikt.

Kommunen sikrar at helsepersonell har tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse til å utføre sine oppgåver, jf. §§ 6f og 7b

For å kunne organisere helsetenesta og fordele ansvar og oppgåver, treng kommunen kunnskap om kva kompetanse helsetenesta treng og kva kompetanse dei tilsette har. Kommunen har eit ansvar for at helsepersonell har nødvendig kunnskap og kompetanse om tvungen somatisk helsehjelp for å kunne etterleve krava i pbrl. kapittel 4A og for å kunne yte helsehjelpa på ein fagleg forsvarleg og god måte.

Tiltak for å sikre kompetanse skal være tilpassa den einskilde sitt ansvar og oppgåver.

Kommunen legg til rette for felles praksis, samarbeid og informasjonsutveksling, jf. §§ 6c og 6d

Tvungen helsehjelp er eit område der det er behov for samarbeid, rutinar og informasjonsutveksling for å sikre forsvarleg og lik praksis.

Samarbeid og informasjonsutveksling mellom helsepersonell som yter helsehjelp til pasienten, og samarbeid mellom desse og den som er ansvarleg for helsehjelpa, er vidare ein føresetnad for å sikre at hjelpetilbodet til pasienten er føreseieleg og har kontinuitet. Samarbeid og informasjonsutveksling er vidare nødvendig for at

helsepersonell har tilstrekkeleg med informasjon til å gjere forsvarlege helsefaglege vurderingar. Kommunen skal ha vurdert kva faglege og administrative rutinar, instruksar og avtaler som er nødvendige for å sikre lik praksis, samarbeid og informasjonsveksling på området tvungen helsehjelp. I dette inngår at kommunen har rutinar for dokumentasjon i pasientanes journal, slik at opplysningar som er viktige for helsehjelpa er tilgjengeleg for dei som har tenestleg behov for det, og at dei enkelt kan finne opplysningane.

Følg med på at iverksette tiltak blir følgd i praksis, har effekt og eventuelt korrigert, jf. §§ 6g, 7e og §§ 8 og 9

Kommunen har ansvar for at iverksette aktivitetar blir gjennomført som planlagt og for å følg med på om dei er hensiktsmessige og fungerer etter sin hensikt. Kommunens kontroll kan til dømes skje gjennom intern rapportering, ved å ha oversikt over meldingar om svikt og mogelege forbettringsområde frå tilsette, oversikt over klager frå pasientar og pårørande og ved å bruke resultat frå pasientundersøkingar og eigne revisjonar.

Kommunen skal ha utpekt kven som skal være overordna fagleg ansvarleg for tvungen helsehjelp. Den/dei som er utpekt til å ha denne funksjonen, skal få kopi av vedtak om tvungen helsehjelp som er gjort i kommunen, og får gjennom vedtaka dermed viktig informasjon om kommunes praktisering av tvungen helsehjelp. Det er forventa at kommunen nyttar denne informasjonen i sin kontroll av praksis. Dersom kommunen gjennom sin kontroll avdekkar manglar, skal kommunen iverksette nødvendige forbetringstiltak.

Krava som blir stilt til helse- og omsorgstenesta

I lovgivinga er det stilt ei rekke krav til kommunens helse- og omsorgsteneste. Kommunen skal gjennom si styring og leiing sikre at desse krava blir oppfylt. Nedanfor er ei oversikt over dei krava som er undersøkt:

Nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester

Pasientar har rett til nødvendige helse- og omsorgstenester frå kommunen, jf. pbrl. § 2-1a andre ledd, og § 2-1 e. Kommunen har ei tilsvarande plikt til å gi slik hjelp etter hol. § 3-1, og aktuelt for dette tilsynet er helsehjelp i heimen, jf. hol. §§ 3-1 og 3-2 nr. 6 bokstav c og § 3-2a. Helsehjelpa som blir ytt skal være forsvarleg, jf. hol. § 4-1. Kravet om forsvarleg verksemd er ein rettsleg standard. Dette inneber at innhaldet i kravet blir bestemt av kva som til ei kvar tid er anerkjent fagkunnskap, faglege retningslinjer og allmenngyldige samfunnsetiske normer. Forsvarlegkravet set ikkje berre krav til den faglege kvaliteten, men også til at tenestene blir ytt i tide og har eit tilstrekkeleg omfang.

Det følger av hol. § 4-1 at forsvarlegkravet også omfattar at tenestetilbodet skal være verdig, heilskapleg og koordinert. Dette må sjåast i samanheng med kommunens plikt etter hol. § 3-4 første ledd til å legge til rette for samarbeid og samhandling mellom ulike deltenester i kommunen og med andre tenesteytarar. Fastlegane vil ofte vere ansvarlege for, eller involvert i, prosessar om tvungen helsehjelp. I forskrift om fastlegeordninga i kommunane § 8, er det presisert at kommunens samarbeidsplikt i hol. § 3-4 også omfattar å legge til rette for samarbeid med fastlegen, og eit slikt samarbeid må nødvendigvis omfatte situasjonar der fastlegen er ansvarleg for helsehjelp som kommunens helse- og omsorgsteneste skal gjennomføre.

Føresetnader og krav i pasient- og brukarrettslova kapittel 4A

For at pasient- og brukarrettslova kapittel 4A skal kunne gjelde, er det enkelte føresetnader som må vere oppfylte. Helsehjelpa må være somatisk, pasienten må vere over 16 år, mangle samtykkekompetanse og motsette seg helsehjelpa. Der føresetnadane er oppfylte, er det ei rekke vilkår som må være oppfylt før helsehjelpa kan gjennomførast med tvang, og det er stilt særskilte krav til saksbehandlinga.

Samtykkevurderingar

Hovudregelen er at pasienten skal samtykke til helsehjelpa, jf. pbrl. § 4-1. Der det er usikkert om pasienten forstår konsekvensane av å nekte helsehjelpa, skal den som har det faglege ansvaret for helsehjelpa vurdere om pasienten manglar samtykkekompetanse etter pbrl. § 4-3. Dette vil ofte vere den same som skal gjere dei helsefaglege vurderingane etter pbrl. kapittel 4A. Fordi avgjerder om manglande samtykkekompetanse er ein premiss for å nytte tvungen helsehjelp, er det heilt vesentleg at pasientens samtykkekompetanse blir vurdert på ein forsvarleg måte.

Motstand mot helsehjelp

Pasientar kan vise motstand mot helsehjelp på ulike måtar. Helsehjelp som blir gjennomført sjølv om pasienten gjer motstand, er tvungen helsehjelp. Dersom pasienten manglar samtykkekompetanse, men ikkje gjer motstand mot helsehjelpa, gir pbrl. § 4-6 helsepersonell heimel til å ta avgjerd om kva helsehjelp pasienten skal ha.

Tillitsskapande tiltak

Tillitsskapande tiltak er tiltak som blir satt i verk for å få pasienten til frivillig å ta imot helsehjelpa. Det er eit vilkår om at tillitsskapande tiltak er forsøkt før helsehjelpa blir gjennomført med tvang, med mindre det er openbert formålslaust å prøve slike tiltak, jf. pbrl. § 4A-3 første ledd.

Helsefaglege vurderingar

Ansvarleg for helsehjelpa skal gjere helsefaglege vurderingar av om vilkåra i § 4A-3 andre og tredje ledd er oppfylte. Desse vurderingane omfattar om helsehjelpa er nødvendig, noko som inneber at det omhandlar helsehjelp som pasienten har rett på helsehjelpa etter pbrl. § 2-1 a andre ledd og om å ikkje gi helsehjelpa kan føre til vesentleg helseskade. Vidare skal vurderingane omfatte om det planlagde tvangstiltaket står i forhold til behovet for helsehjelpa og at tvungen helsehjelp etter ei heilskapleg vurdering står fram som den klart beste løysinga for pasienten.

Dersom tiltaket er vurdert som eit alvorleg inngrep for pasienten, som til dømes tiltak som inneber inngrep i kroppen, bruk av reseptpliktige legemiddel, tvungen innlegging og tilbakehald på sjukeheim, skal ansvarleg for helsehjelpa samrå seg med anna kvalifisert personell, jf. § 4A-5 andre ledd. Så langt det er mogeleg skal helsepersonell innhente informasjon frå pasientens næraste pårørande om kva pasienten ville ha ønskt, før avgjerda om tvungen helsehjelp blir tatt, jf. § 4A-5 fjerde ledd.

Evaluering av tvungen helsehjelp

Helsepersonell skal etter § 4A-4 fjerde ledd evaluere den tvungne helsehjelpa fortløpande og avbryte tvangen straks vilkåra ikkje lenger er oppfylte. Dei skal i evalueringa legge vekt på om helsehjelpa viser seg å ha ønska verknad, eller ha uventa negative verknader.

Dokumentasjon

Helsepersonell skal føre journal i tråd med krava som blir stilt til journalens innhald, jf. hpl. § 39. Formålet med kravet om å føre pasientjournal, er blant annet å sikre forsvarleg oppfølging av pasienten og ivareta pasienttryggleiken. Opplysningar knytt til tema i dette tilsynet er å sjå på som relevante og nødvendige opplysningar om pasienten og helsehjelpa. Slike opplysningar skal helsepersonell, etter hpl. § 40 og pasientjournalforskrifta §§ 4–8, dokumentere i pasientens journal.

3. Framstilling av faktagrunnlaget

Her vert det gjort greie for korleis verksemdas aktuelle tenester fungerer, inkludert verksemdas tiltak for å sørgje for at krava til kvalitet og tryggleik for tenestemottakarane blir haldne.

Kvam herad har om lag 8500 innbyggjarar. Heimetenesta er organisert under etatsjef for helse- og omsorg.

Organisering av tenestene

Tolo Omsorg har 32 omsorgsbustader fordelt på to hus med heildøgns bemanning. Vi har fått opplyst at dei fleste bebruarane har kognitiv svikt i ein eller annan form. Helsepersonellet er tilsett i heimetenesta, men er fast på Tolo Omsorg. Når det ikkje er sjukepleiar på Tolo Omsorg, kan dei tilsette kontakte sjukepleiar som jobbar i ute heimetenesta etter behov. Kvar pasient har primær- og sekundærkontakt. Bebruarane blir følgt opp av fastlegen sin. Kommunikasjon mellom fastlegane og helsepersonell forgår på e-link eller på telefon. Fastlegen kan komme på sjukebesøk. Når fastlegane ikkje er tilgjengeleg, kan helsepersonell kontakte legevakta.

Tolo Omsorg er organisert under heildøgns tenester i institusjon og omsorgsbustad. Gruppleiar for Tolo Omsorg rapporterer til leiar for heildøgns tenester i institusjon og omsorgsbustad, som igjen rapporterer til helse- og omsorgssjef. Nattevaktene er organisert under ein eigen annan leiar.

Det er ikkje utarbeidd stillingsomtalar for dei tilsette, men dette er under arbeid.

Før tilsynet fekk vi tilsendt oversikt over organiseringa av heimetenestene i kommunen, og den skriftlege prosedyren for området 4A.

Styring

I intervju fekk vi opplyst at gruppleiar følgjer med på kva som skjer på området 4A ved å vere med på morgonrapporten og følgje med på kva som blir dokumentert i journal. Ho er nær i avdelinga og deltek i stell. Gruppleiar har møte med leiar for heildøgns tenester i institusjon og omsorgsbustad kvar 3. veke. Tema på desse møta er mellom anna fag og avvik. I det siste har dei arbeidd med ein kompetansepakke med e-læring for dei tilsette. Helse- og omsorgssjef har møte med leiar for heildøgns tenester i institusjon og omsorgsbustad kvar 14. dag. Tema på møta er fag, økonomi og personell.

Det kjem fram at leiinga i kommunen ikkje systematisk følger med på kvar det kan vere risiko for svikt i heimetenesta på 4A-området, men både gruppleiar og leiar for heildøgns tenester i institusjon og omsorgsbustad peikar på manglande opplæring og kjennskap til lovverket blant dei tilsette som eit område med risiko for svikt når det gjeld kapittel 4A. Helse- og omsorgssjef peikar på at stadig fleire bebruarar med demenssjukdom bur i omsorgsbustad, og at det kan vere utfordrande å sikre dei forsvarlege tenester, mellom anna med tanke på bruk av tvang og om bebruarane er på rett omsorgsnivå.

Dei tilsette har nyleg blitt oppmoda til å ta eit e-læringskurs gjennom KS Læring om kap. 4A på fritida. Leiinga har oversikt over kven som har teke kurset. Nytilsette må gå gjennom ei sjekkliste ved opplæring. Tvang og kap. 4A er ikkje ein del av denne sjekklista. Kommunen har nyleg utarbeidd skriftlege prosedyre for området 4A. Denne har enno ikkje blitt godkjend, og har heller ikkje blitt gjort kjend blant dei tilsette.

Det kjem fram i intervju at kommunen ikkje har eit system for utarbeiding og revidering av prosedyrar, men leiar for heildøgers tenester i institusjon og omsorgsbustad og kommunelege har vore involvert i skrivinga av prosedyre for kap. 4A. Leiar vil sørge for implementering av den nye prosedyren ved å formidle den til gruppeleiarane, som skal ta den vidare ut i organisasjonen. Det vert halde personalmøte der nye rutinar blir implementert. Av og til blir det halde internundervisning om spesifikke emne.

Gruppeleiar har oversikt over kven som har delteke på internundervisning. Regelverket i 4A har nyleg vore tema på slik undervisning ved Tolo Omsorg i samband med førebuing til tilsynet. 4A har nyleg blitt teke inn i årshjulet til kommunen som eit fast tema for internundervisning.

Kommunen har opplyst at kommuneoverlegen er overordna fagleg ansvarleg på området 4A.

Kommunen har eit avvikssystem i kvalitetssystemet Compilo som er kjend for dei tilsette. Melde avvik blir løyst på lågast mogleg nivå og følgd opp av gruppeleiar, men kan og gå vidare opp i systemet. Dei tilsette får tilbakemelding på rapporten eller individuelt om korleis avvika vert følgt opp. Dei tilsette gav i intervju uttrykk for at dei var usikre kva som var å rekne som uønska hendingar på området 4A og som skulle meldast som avvik. Det var ikkje meldt slike avvik siste året.

Samtykkevurderingar

Det kom fram i intervju at dei tilsette er usikre på omgrepet samtykkekompetanse og kven som kan og skal vurdere samtykkekompetanse etter kommunen sine rutinar. Fleire tilsette meiner at dei pårørande skal takast med i vurderinga av samtykkekompetanse. Helsepersonellet er usikre på når samtykkekompetansen skal vurderast, og kjenner ikkje til at vurdering av samtykkekompetanse skal bli gjort når pasientar motset seg helsehjelp og tillitsskapande tiltak ikkje fører fram, og at samtykkekompetansevurderinga skal vere knytt opp mot den aktuelle helsehjelpa.

Motstand mot helsehjelp

I intervju fekk vi vite at helsepersonell er kjende med at dei har ansvar for å avdekke motstand mot helsehjelp. Dei er også kjende med at motstand kan bli uttrykt forskjellig, og dette reflekterer dei rundt mellom anna i rapport og i samtalar i lunsjpausen. Dei er usikre på kvifor det er viktig å avdekke motstand. I intervju kom det fram at det er noko ulik oppfatning av kva som blir tolka som motstand, og kva helsepersonellet meiner er tvang. Det kom fram at dei tilsette veit at dei ikkje kan halde pasientar tilbake i omsorgsbustad.

Tillitsskapande tiltak

Dei tilsette opplyste i intervju at dei er kjende med at dei alltid skal prøve med tillitsskapande tiltak før det eventuelt blir nytta tvang. Dei utvekslar opplysningar under rapporten om kva tillitsskapande tiltak dei kan nytte og som fungerer. Det kjem fram at dei er opptekne av frivilligheit og medverknad frå pasientane.

Dei tilsette innhentar informasjon frå dei pårørande om aktuelle tillitsskapande tiltak dei kan prøver ut ved innsamlingssamtale og undervegs. Det kom ikkje fram at tillitsskapande tiltak blir evaluert på ein systematisk måte.

Helsefaglege vurderingar

Svært få helsepersonell kjenner til vilkåra for at helsehjelp kan bli gitt med tvang, og det er ikkje klart for dei kven som har ansvar for å gjere helsefaglege vurderingar, kva vurderingar dei einskilde yrkesgruppene kan gjere, og kven som kan gjere vedtak etter 4A. I intervju blei det gitt døme på at pasientar kan ha fått utsett nødvendig helsehjelp fordi helsepersonell vegra seg for å bruke tvang, eller at nødvendig helsehjelp til slutt blei gitt med tvang utan at det var gjort vedtak om dette. Det var kjent for dei tilsette at fastlegen og ein inntakskomite skal gjere vurderingar av om pasientar skal flyttast til eit høgre omsorgsnivå.

4A-vedtak

Tolo Omsorg har ikkje sendt oss kopi av vedtak etter kapittel 4A det siste året. Det kjem fram i intervju at slike vedtak ikkje har vore gjort der det siste året.

Dokumentasjon

Journalgjennomgangen vår viste at det var dokumentert motstand mot helsehjelp hos fleire pasientar, men det var ikkje alltid dokumentert kva som skjedde vidare, om det blei gitt helsehjelp med tvang eller ikkje. Det var nokre døme på at helsehjelpa blei utsett. Ofte blei motstand følgd opp med tillitsskapande tiltak. Med unntak av ein pasient, fann vi ikkje spor av om det var gjort samtykkekompetansevurderingar opp mot den aktuelle helsehjelpa. Vi fann at det var laga tillitsskapande planar for fleire av pasientane. Vi fann nokre døme på helsefaglege vurderingar. Det mangla vurderingar av om det skulle gjerast tvangsvedtak for pasientar som gjentekne gonger viste motstand mot til dømes stell og dusj. Vi fann fleire døme på pasientar som gjentekne gonger hadde ramla, utan at vi fann dokumentasjon som viste om det var gjort helsefagleg vurdering av om helsehjelp som til dømes bruk av sengehest eller belte i stol burde bli gitt med tvang.

4. Vurdering av faktagrunnlaget opp mot aktuelt lovgrunnlag

I dette kapittelet vurderer vi fakta i kapittel 3 opp mot lovreglane i kapittel 2.

Helse- og omsorgslovgivinga stiller krav til systematisk styring og leiing for å sikre forsvarlege helse- og omsorgstenester. Det er eit leiaransvar å sørge for rammer og organisatoriske løysingar som reduserer risiko for svikt. Leiinga har eit overordna ansvar for å følgje med på om tenestene er forsvarlege og i tråd med helselovgivinga, og om styringssystemet er eigna til å ivareta dette.

Formålet med 4A om å gi forsvarleg helsehjelp og førebygge og redusere bruk av tvang stiller krav til at helsepersonell kjenner reglane og kva dei betyr i praksis.

Kommunen peikar på manglande opplæring i og kjennskap til lovverket som eit område med risiko for svikt på området 4A. Kommunen har utarbeidd ein skriftleg prosedyre for fordeling av ansvar, oppgåver og mynde knytt til området 4A, men denne er ikkje endeleg godkjend og er ikkje gjort kjent blant dei tilsette. Det er heller ikkje etablert ein eins praksis blant dei tilsette på området, og fleire tilsette var ikkje kjende med det einskilde helsepersonell si rolle, oppgåver, ansvar og mynde i samband med regelverket i kap. 4A.

Tolo Omsorg har i samband med tilsynet hatt internundervisning om kapittel 4A der ein del av dei tilsette deltok. Dei tilsette har nyleg blitt oppmoda til å ta eit e-læringskurs om tvang og kap. 4A, men det er mange som ikkje har teke dette endå.

Vi meiner likevel at dette ikkje er tilstrekkeleg til å seie at kommunen har sikra at helsepersonell har tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse til å utføre sine oppgåver på området 4A.

Det er ikkje definert kven som har ansvar for å evaluere og korrigere rutinar og prosedyrar. Avvikssystemet blir brukt til styring av tenestene, men dei tilsette er ikkje kjende med kva som er å rekne som eit avvik på området 4A. Det er ikkje etablert ein praksis for samarbeid med lege om kap. 4A.

Dei tilsette er kjende med at dei har ansvar for å avdekke motstand, men det kjem fram at det er noko ulik oppfatning blant dei tilsette kva som er å rekne som motstand og tvang. Dei tilsette er usikre på omgrepet samtykkekompetanse, på kven som skal vurdere denne og kva tid vurdering av samtykkekompetanse skal gjerast. Dei tilsette kjende til at det skal nyttast tillitsskapande tiltak ved motstand, og har stor merksemd retta mot dette. Dei tillitsskapande tiltaka blir dokumentert i tiltaksplanar, men blir ikkje evaluert på ein systematisk måte. Dei tilsette er ikkje kjende med vilkåra for at helsehjelp kan bli gitt med tvang, og er usikre på kven som kan gjere helsefaglege vurderingar og fatte vedtak etter kap. 4A. I intervju og ved journalgjennomgang fann vi døme på at pasientar kan ha fått utsett nødvendig helsehjelp fordi helsepersonell vegra seg for å bruke tvang, eller at nødvendig helsehjelp til slutt blei gitt med tvang utan at det var gjort vedtak om det.

Vi meiner at leiinga ikkje har sørga for at det er rammer ved Tolo Omsorg som gjer at det ikkje er tilfeldig og opp til kvart einskild helsepersonell korleis helsehjelpa blir utført. Manglande opplæring i rutinar og kjennskap til og forståing av lovverket i kap.

4A hos dei tilsette gjer at det ikkje er ein eins praksis på området. Dette utgjer ein risiko for at pasientar ikkje får nødvendig helsehjelp fordi helsepersonell vegrar seg for å bruke tvang, eller at helsehjelp kan blitt gitt med tvang utan at det er gjort vedtak om det.

Sjølv om det nyleg er lagt til rette for at pasientar utan samtykkekompetanse som motset seg helsehjelp, kan få nødvendig helsehjelp utan unødig bruk av tvang gjennom at det er utarbeidd ein skriftleg prosedyre for området 4A og sett i gang med e-læringskurs og internundervisning, har kommunen ein veg å gå når det gjeld systematisk opplæring og implementering av regelverket i 4A blant nyttilsette og tilsette.

5. Statsforvaltarens konklusjon

Her presenter vi konklusjonen av undersøkinga vår, basert på vurderingane i kapittel 4.

Konklusjon:

Kvam herad har ikkje eit system som sikrar at det blir gjort vurdering av samtykkekompetanse og vurdering av om helsehjelpa skal bli gjennomført med tvang hos pasientar som viser motstand mot helsehjelp ved Tolo Omsorg.

6. Oppfølging av lovbrøt

I dette kapittelet gjer vi greie for kva vi forventar kommunen skal gjere for å rette opp lovbrøtet. Vi ber om at Kvam herad gjer ei vurdering av kva som har medverka til lovbrøtet. De treng ikkje sende denne vurderinga til oss.

Deretter ber vi om at de sender oss følgjande:

- Ein plan med konkrete tiltak for kva de vil gjere for å rette opp lovbrøtet og på kva måte
- Tidspunkt for iverksetting av tiltaka
- Oversikt over kven som er ansvarleg for gjennomføringa
- Korleis og når de vil undersøke om dei iverksette tiltaka har fungert over

Frist for tilbakemelding til oss er **30.10.2021**.

Med helsing

Linda Svori

Beate Tollefsen

seksjonssjef

seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Gjennomføring av tilsynet

I dette vedlegget omtaler vi korleis tilsynet vart gjennomført, og kven som deltok.

Vi fekk dokument tilsendt før tilsynet og andre dokument blei overlevert under tilsynet. Desse dokumenta blei gjennomgått og vurderte som relevante for tilsynet:

- Organisasjonskart Kvam herad
- Organisasjonskart helse og omsorg
- Liste over tilsette i Tolo omsorg, stillingstittel og stillingsprosent
- Overordna fagleg ansvarleg for 4A-vedtak
- Opplæring og kompetanseplanar tenester heildøgns omsorg 2021
- Årshjul tenester heildøgns omsorg 2021
- Oversikt over gjennomført opplæring i Tolo omsorg i pbrl. 4A
- Prosedyre kap. 4A
- «Velkommen til Tolo Omsorg»
- «Livsarket mitt»
- Velkomstbrosjyre - opplæring for nytilsette
- Innkomstsamtale på Tolo Omsorg
- Hugseliste når ny brukar flyttar inn
- Gjennomgang av arbeidsrutinar for nytt personale utan utdanning/erfaring frå pleie- og omsorgstenesta
- Sjekkliste med signaturar - for nytilsette
- Lysark frå personalmøte Tolo Omsorg 26.05.2021
- Referat frå personalmøte 28.04.2021, 24.02.2021 og 20.01.2021
- Leiarmøte heildøgns omsorg 31.01.2021
- Referat frå møte 12.01.2021, 02.02.2021, 23.02.2021, 16.03.2021, 13.04.2021, 30.04.2021 og 04.05.2021,

Det blei gjennomgått 17 pasientjournalar. Journalar til pasientar med kognitiv svikt/byrjande kognitiv svikt blei prioritert.

I tabellen under gir vi eit oversyn over kven som vart intervjuet, og fram møtte ved oppsummerande møte ved tilsynet:

Ikkje publisert her

Desse deltok frå Statsforvaltaren:

- fylkeslege, Ingunn Watsend Erichsen, Statsforvaltaren i Vestland, revisor
- rådgjevar, Katarina Aarsnes, Statsforvaltaren i Vestland, revisor
- seniorrådgjevar, Beate Tollefsen, Statsforvaltaren i Vestland, revisjonsleiar

Alle tilsynsrapporter fra dette landsomfattende tilsynet

2020–2021 Tvungen somatisk helsehjelp i kommunale helse- og omsorgstjenester

Søk Q

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam heradsstyre	20.10.2021	086/21

Avgjerd av:	Arkiv: N-103.3, HistNR-16/396	Arkivsaknr
Saksh.: Mæland, Jorunn Drægri	Objekt:	21/11042 - 2

Forvaltningsrevisjonsrapport, Kvalitet, kompetanse og sjukefråver i barnehagar

Behandling i politiske utval:

20.10.2021, HST- 086/21 Vedtak:

Heradsstyret ber rådmannen om å:

1. Etablere eit felles malverk for utarbeiding av årsplanar i barnehagane i heradet, samt ein felles systematikk for oppfølging og evaluering av årsplanar.
2. Tydeleggjere rollar og ansvar for styrarar, pedagogiske leiarar og barnehageeigar når det gjeld arbeidsmiljørelatert arbeid i barnehagane.
3. Sikre at dei etablerte rutine og malane for arbeidet med å gjennomføre 10-faktorundersøkinga og følgje opp påpeikte betringsområde er tilstrekkeleg kjende for styrarane i barnehagane, og at arbeidet blir gjennomført.
4. Jamleg evaluere om barnehagane blir drive i samsvar med krava i rammeplan og krav til innhald i barnehagen også når det ikkje er tilstrekkeleg dekket med grunnbemanning i løpet av arbeidsdagen.
5. Når det gjeld arbeid med sjukefråver i barnehagane:
 - a) Etablerer konkrete mål for sjukefråver.
 - b) Sikrar systematisk oversikt over arbeidsrelaterte sjukefråver lokalt og på tvers av barnehagane.
 - c) Etablerer planar for å systematisk følgje opp og førebyggje sjukefråver.
 - d) Evaluerer jamleg om det systematiske arbeidet med førebygging og redusering av sjukefråver lokalt i barnehagane fungerer som forutsett.
6. Utarbeide oversikt over kompetanse og behov for kompetanse for dei tilsette i barnehagane i heradet.
7. Sikre at det til ei kvar tid er tilstrekkeleg kvalifisert personell i barnehagane.
8. Gjennomføre systematiske risikovurderingar som omfattar mellom anna kva følger sjukefråver kan ha for barnehagetilbodet.
9. Sikre systematisk og kontinuerleg tilsyn med barnehagane i heradet, under dette:
 - a) Gjennomfører risikoanalyse
 - b) Utarbeider ein plan for tilsyn
 - c) Gjennomfører tilsyn
10. Etablere rutinar som skildrar ansvar og oppgåver knytt til barnehageopptaket i heradet.
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 12.11.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret ber rådmannen om å:

1. Etablere eit felles malverk for utarbeiding av årsplanar i barnehagane i heradet, samt ein felles systematikk for oppfølging og evaluering av årsplanar.
2. Tydeleggjere rollar og ansvar for styrarar, pedagogiske leiarar og barnehageeigar når det gjeld arbeidsmiljørelatert arbeid i barnehagane.
3. Sikre at dei etablerte rutinane og malane for arbeidet med å gjennomføre 10-faktorundersøkinga og følgje opp påpeikte betringsområde er tilstrekkeleg kjende for styrarane i barnehagane, og at arbeidet blir gjennomført.
4. Jamleg evaluere om barnehagane blir drive i samsvar med krava i rammeplan og krav til innhald i barnehagen også når det ikkje er tilstrekkeleg dekkja med grunnbemanning i løpet av arbeidsdagen.
5. Når det gjeld arbeid med sjukefråvær i barnehagane:
 - a) Etablerer konkrete mål for sjukefråvær.
 - b) Sikrar systematisk oversikt over arbeidsrelaterte sjukefråvær lokalt og på tvers av barnehagane.
 - c) Etablerer planar for å systematisk følgje opp og førebyggje sjukefråvær.
 - d) Evaluerer jamleg om det systematiske arbeidet med førebygging og redusering av sjukefråvær lokalt i barnehagane fungerer som forutsett.
6. Utarbeide oversikt over kompetanse og behov for kompetanse for dei tilsette i barnehagane i heradet.
7. Sikre at det til ei kvar tid er tilstrekkeleg kvalifisert personell i barnehagane.
8. Gjennomføre systematiske risikovurderingar som omfattar mellom anna kva følger sjukefråvær kan ha for barnehage tilbodet.
9. Sikre systematisk og kontinuerleg tilsyn med barnehagane i heradet, under dette:
 - a) Gjennomfører risikoanalyse
 - b) Utarbeider ein plan for tilsyn
 - c) Gjennomfører tilsyn
10. Etablere rutinar som skildrar ansvar og oppgåver knytt til barnehageopptaket i heradet.
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 12.11.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Samandrag:

Det er gjennomført forvaltingsrevisjon gjeldande kvalitet, kompetanse og sjukefråver i barnehagane i Kvam herad. Forvaltningsrevisjonen er forbetningsorientert, og har som føremål å gje tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde. Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber rådmannen om tilbakemelding på forvaltningsrevisjonsrapporten.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
6428	Rapport etter forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar i Kvam herad

20.10.2021 Kvam heradsstyre

Orientering av Kontrollutvalet sin rapport ved Kjersti Gjuvsland frå Deloitte

Røysting:

Framlegg til vedtak frå Kontrollutvalet vart samrøystes vedteke

HST- 086/21 Vedtak:

Heradsstyret ber rådmannen om å:

1. Etablere eit felles malverk for utarbeiding av årsplanar i barnehagane i heradet, samt ein felles systematikk for oppfølging og evaluering av årsplanar.
2. Tydeleggjere rollar og ansvar for styrarar, pedagogiske leiarar og barnehageeigar når det gjeld arbeidsmiljørelatert arbeid i barnehagane.
3. Sikre at dei etablerte rutinane og malane for arbeidet med å gjennomføre 10-faktorundersøkinga og følgje opp påpeikte betringsområde er tilstrekkeleg kjende for styrarane i barnehagane, og at arbeidet blir gjennomført.
4. Jamleg evaluere om barnehagane blir drive i samsvar med krava i rammeplan og krav til innhald i barnehagen også når det ikkje er tilstrekkeleg dekket med grunnbemanning i løpet av arbeidsdagen.
5. Når det gjeld arbeid med sjukefråvær i barnehagane:
 - a) Etablerer konkrete mål for sjukefråvær.
 - b) Sikrar systematisk oversikt over arbeidsrelaterte sjukefråvær lokalt og på tvers av barnehagane.
 - c) Etablerer planar for å systematisk følgje opp og førebyggje sjukefråvær.
 - d) Evaluerer jamleg om det systematiske arbeidet med førebygging og redusering av sjukefråvær lokalt i barnehagane fungerer som forutsett.
6. Utarbeide oversikt over kompetanse og behov for kompetanse for dei tilsette i barnehagane i heradet.
7. Sikre at det til ei kvar tid er tilstrekkeleg kvalifisert personell i barnehagane.
8. Gjennomføre systematiske risikovurderingar som omfattar mellom anna kva følger sjukefråvær kan ha for barnehage tilbodet.
9. Sikre systematisk og kontinuerleg tilsyn med barnehagane i heradet, under dette:
 - a) Gjennomfører risikoanalyse
 - b) Utarbeider ein plan for tilsyn
 - c) Gjennomfører tilsyn
10. Etablere rutinar som skildrar ansvar og oppgåver knytt til barnehageopptaket i heradet.
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 12.11.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar i Kvam herad. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Kvam herad i sak PS 26/20 21.09.2020.

Kontrollutvalet har hatt fleire løypemeldingar undervegs og rapporten vart levert sekretariatet i høve bestilling.

Forvaltningsrevisjonen har hatt slikt føremål:

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke korleis Kvam herad arbeidar for å redusere og følgje opp sjukefråvær i barnehagane, og korleis heradet sikrar tilstrekkeleg kvalitet og kompetanse i barnehagane. I tillegg har det vore eit føremål å undersøke kva rutinar Kvam har for tilsyn med private barnehagar i heradet.

Med bakgrunn i formålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som har blitt undersøkt:

1. I kva grad har barnehagane utarbeidd ein årsplan for arbeidet i barnehagane, og i kva grad blir arbeidet med oppfølging av planen jamleg vurdert?
2. I kva grad har heradet tilstrekkeleg oversikt over arbeidsmiljøet i dei kommunale barnehagane? Under dette:
 - a. Blir det gjennomført trivselsundersøkingar i barnehagane?
 - b. Kva forbettingsområde er eventuelt identifisert, er det ulikskap mellom barnehagane og korleis blir eventuelle forbettingsområde følgt opp?
1. I kva grad har heradet sikra ei grunnbemanning i dei kommunale barnehagane som er i samsvar med talet på born i ulike aldersgrupper?
2. Er det utarbeidd tydelege mål for sjukefråværet i dei kommunale barnehagane i Kvam herad, og i kva grad blir måla nådde?
3. Har heradet tilstrekkeleg oversikt over årsaker til sjukefråværet i dei kommunale barnehagane? Under dette:
 - a. I kva grad har heradet oversikt over
 - I. om årsaker til sjukefråværet i dei kommunale barnehagane er arbeidsrelatert?
 - II. årsaker til eventuelle variasjonar i sjukefråvær i barnehagane?
 - b. Har det vore endringar i sjukefråværet i dei kommunale barnehagane som følgje av Covid-19 pandemien?
1. Har heradet sett i verk systematiske tiltak for å førebyggje og redusere sjukefråværet i dei kommunale barnehagane? Under dette:
 - a. Kva tiltak er sett i verk, og korleis blir tiltaka eventuelt følgt opp og evaluert?
 - b. I kva grad er det etablert tiltak for å sikre erfaringsdeling på tvers av barnehagane knytt til sjukefråværsrelatert arbeid?
 - c. I kva grad blir dei tilsette i dei kommunale barnehagane involvert i å kartlegge eventuelle utfordringar på arbeidsplassane som kan føre til sjukefråvær?
1. I kva grad legg Kvam herad til rette for kompetanseutvikling for tilsette i barnehagane i kommunen? Under dette:
 - a. Har heradet tilstrekkeleg oversikt over kompetansebehovet i barnehagane, og ein plan for å sikre nødvendig kompetanse?
1. Kva konsekvensar har sjukefråvær for bemanning og vikarbruk i dei kommunale barnehagane? Under dette:
 - a. I kva grad blir det henta inn vikar i samband med sjukefråvær i barnehagane?
 - b. I kva grad klarar barnehagane å sikre tilstrekkeleg og kvalifisert arbeidskraft ved sjukefråvær?
9. I kva grad har sjukefråvær i dei kommunale barnehagane konsekvensar for det pedagogiske tilbodet til barna? Under dette:
 - a. Er sjukefråvær til hinder for barnehagedrift i samsvar med nasjonale føringar for barnehagen sitt innhald og oppgåver (rammeplanen) og for planmessig pedagogisk arbeid?
10. I kva grad sikrar Kvam herad tilstrekkeleg med tilsyn av dei private barnehagane i heradet? Under dette:
 - a. Er det etablert tilfredsstillande rutinar for gjennomføring av tilsyn, inkludert risikovurderingar?
 - b. Blir det gjennomført tilsyn i samsvar med krav og rutinar for dette?
 - c. Blir eventuelle avvik som blir avdekka i tilsyn dokumentert og følgt opp?
11. Korleis sikrar heradet ein tilfredsstillande opptaksprosess i barnehagane? Under dette:

- a. Korleis legg heradet til rette for ein samordna opptaksprosess for barnehagane i heradet der likehandsaming av barn og av kommunale og private barnehagar er sikra?

Tilrådingar i rapporten:

Konklusjon og tilrådingar finn ein i rapporten kapittel 14 side 59. Tilrådingane er dei same som forslag til innstilling pkt. 1-10

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel heradsstyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Deloitte AS har levert rapport om kvalitet, kompetanse og sjukefråver i barnehagane i Kvam herad. i Rapporten ligg ved som vedlegg til saka.

Etter det sekretariatet kan sjå er prosjektet gjennomført i tråd med standard for forvaltningsrevisjonen (RSK 001). Deloitte har nytta metodar som dokumentinnsamling og analyse, statistikk, intervju og verifiseringsprosessar. Det er gjennomført intervju med tilsaman 12 personar.

Av rapporten merkar sekretariatet seg bl.a. desse forholda, som også er omtalt i samandraget:

«I 2018 blei det innført nye krav til grunnbemanning i norske barnehagar. Kvam herad har ei grunnbemanning i dei kommunale barnehagane som er i samsvar med talet på born i ulike aldersgrupper, og oppfyller med dette krava som er sett i lovverket knytt til grunnbemanning. Bemanningsnorma gjeld for kvar barnehage, og ikkje per avdeling eller barnegruppe. Undersøkinga viser likevel at grunnbemanninga ikkje dekkjer heile opningstida til barnehagane i heradet. Revisjonen vil difor understreke at kravet til grunnbemanning er eit minimumskrav og at det går fram av barnehagelova at bemanninga må være tilstrekkeleg til at personalet kan drive ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd. Heradet bør difor jamleg gjere ei vurdering av om bemanninga er tilstrekkeleg i alle barnehagane til å ivareta dette kravet.»

Og vidare:

«Undersøkinga viser at vikarane i barnehagane i heradet i liten grad er kvalifisert barnehagepersonell. Det blir vist til at det er ei utfordring å skaffe vikarar for sjukemelde pedagogar, då personar med denne utdanninga i hovudsaker i fast tilsetjing. Som eit tiltak under covid-19 pandemien har heradet utarbeidd ei bemanningsliste for mellom anna barnehagar, slik at personar i heradet med relevant utdanningsbakgrunn kan vikariere i barnehagane i periodar med fråvær.

Vidare blir det vist til at to av seks barnehagar har hatt utfordringar med å skaffe tilstrekkeleg arbeidskraft ved sjukefråvær, og at denne utfordringa har blitt større under covid-19 pandemien.»

Rapporten er sendt til rådmannen og høyringssvaret ligg som vedlegg 1.

Sekretariatet merkar seg mellom anna dette i høyringssvaret:

Rådmannen ynskjer å takka for ein fyldig rapport som heradet vil ha nytte av i vidare arbeid innanfor kvalitet, kompetanse og sjukefråvær.

Fleire av funna stemmer overeins med det inntrykket rådmannen har, og rådmannen merkar seg at heradet er på rett veg innan fleire område. Andre punkt syner at det er arbeidd ut system, men systema er ikkje tilstrekkeleg implementert i alle ledd i organisasjonen. Heradet kan alltid strekkja seg for å auka kvaliteten ytterlegare.

Og vidare:

Oppsummert vurderer rådmannen at det er mange viktige og gode prosessar i heradet som er med på å føra oss vidare i rett retning. Me har enno ein veg å gå og vil tamed innspela frå revisjonen vidare. Kvalitet i

barnehagen kan målast på ulike vis, og som barnehageeigar kan me alltid strekkja oss litt lenger for innbyggjarane våre. På same tid ynskjer rådmannen å understreka at det kvar einaste dag er kompetente tilsette som gjer alt dei kan for at dei i samfunnet vårt skal ha ein trygg og god barnehagekvardag, og foreldre gir gode tilbakemeldingar på barnehagetilbodet i foreldreundersøkinga.

Konklusjon

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at heradsstyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til Kommunelova § 23-2, e) der det står dette:

«kontrollutvalget skal påse at e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandling av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag i rapporten. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at heradsstyret ber rådmannen om å utarbeida ein handlingsplan som grunnlag for oppfølging av tilrådingane i rapporten.

Vurdering:

Forvaltningsrevisjonsrapport, Kvalitet, kompetanse og sjukefråver i barnehagar er lagt ved.

Øystese Grendautval
v/Kristi Opsanger
5610 Øystese

13.10.2021

Ordfører Torgeir Næss
Kontrollutvalet v/ Gjermund Stuve
Stadsforvalteren, Planavdelingen Arealforvaltning, v/ Fredrik Arnesen

ØGU hadde 08.09.2021 informasjonsmøte med Ordfører og Rådmann, dei yngste å få alle hendvendingar skriftleg på sin mail, det resulterer i dette skrivet.

BADEFLÅTE 44/2 OG GAMLE STUPEN 44/14 I ØYSTESE

Saka starta før søknad om kulturmidlar skulle sendast, 01.03.2019

Øystese Grendautval (ØGU) yngste å satse på Badeflåte, utanfor Øystese parken og rekonstruksjon av Gamle Stupen, tiltaka er mest retta mot barn og unge. Gamle Stupen kunne no få ein trafikk trygg tilkomst via Stronde utvikling AS si utbygging, forbi den nye kommunale Knutafjæro, med universal utforming. Vegen vart starta på som eit rekkefølgekrav frå kommunen.

Etter førespurnad til kulturkontoret fekk me opplyst at ØGU måtte ha løyve til tiltak på kommunen sin eigedom.

ØGU ringte Plansjefen mange gonger før søknadsfrist 01.03.2019, fekk til slutt beskjed om å sende søknaden så skulle papira komme.

Fekk raskt svar frå kulturkontoret (som alltid!) at søknaden ikkje kunne handsamast før ØGU hadde papir på avtale om tiltak på kommunal eigedom. Plansjefen vart purra om papira med jamne mellomrom, 28.05 opplyste ØGU at no måtte det meldast til politikarene at Planavdelinga ikkje hadde kapasitet til å svare, det er gått ca. 4mnd. mail neste dag frå Plansjefen, at dei hadde funne ut av dette, (vedlegg 1). Avtale om tiltak på kommunal eigedom signert 06.06.2019, (vedlegg 2 og 3). Kulturkontoret behandla det raskt og løyve om pengar kom 10.06.2019 (kr 24 000,- og kr 26 000,- til flåte og stup).

Som frivillig har det gått med svært mange timar, særleg når det tar om lag 4 månadar å få papir frå planavdeling i kommunen.

Det var for seint å tinga badeflåte, fabrikkane gjekk mot fellesferie og ein skulle få til transport avtale og utlegging, dei frivillige tok og ferie.

Det vart derfor satsa på å hogga skogen som dekkja heile Friområde på Stronde, før ferien. Avtale med Heradsgartnar Drage var og på plass. Dette vart eit svært omfattande arbeid der det og var leid inn maskiner og mann. Kvam herad, køyrde bort ein del pas som var lagt opp til vegen, etter avtale.

Etter ferien arbeide styre i ØGU vidare med korleis dette skulle løysast. Det var semje om å spørja Kulturkontoret om bruka alle pengane som var løyvt til ein stødigare og sikrare badeflåte, knappe 9 tonn, som kan liggja ute på vinteren. Badeflåte til kr 50 000,- frå Tysnes vart løysninga og kulturkontoret svara JA!

Avtale med produsent på Tysnes vart inngått og avtale om gratis lagring til utpå vinteren. Det vart inngått forhandlingar med transport firma Jan Mo, og henting som returfrakt og utsetting frå kaien med kranbil, gav ein svært god pris. Plassering på rett plass var avtalt med NES, VVS Kvam herad. Lingalaks, stilte med kranbåt og personale, gratis dugnad.

Badeflåten kom på plass laurdag 13.06.2020, 1 år forsinka, og svært mange dugnadstimar ekstra.

Kultursøknad for søknadsåret 2020

Søknad om kulturmidlar til ferdigstilling av flåte: transport kostnader frå Tysnes, utlegging, stegar og dekke/matte, som ØGU fekk fullført, 13.06.2020.

ØGU forsette arbeidet med Stupen og Friområdet på Stronda, utan kulturmidlar.

ØGU fekk i ettertid svært mykje press at det burde komme stupetårn på badeflåten (vedlegg 4 og 5) og at ein burde gå bort frå rekonstruksjon av Gamle Stupen.

Kva skal ein då nytte Friområdet til? Refererer frå løyve til tiltak på kommunal grunn av 06.06.2019: «*Kvam herad eig grunnen på gnr. 44, bnr. 14 i Kvam, delvis i regulert område som offentlig park med plannr. 19550002 ellers friområde i kommunaldelplan areal (sjå vedlegg 3)*».

ØGU fortsette arbeidet med Gamle Stupen, og såg det var svært viktig med universal løysning, det vil gje trafikktrygg- og universal veg frå Øysteseelva, rundt hotellet og framfor Hardangerbadet, vidare framfor Øysteseparken, over kaiområdet og opp Postbrekka. Den er det einaste som er litt motbakke, men det vert betra på Sentrumsplanen, har me forhøyr oss om. Framfor dei nye leilegheitsbygga, der det er veg med tilgjenge for ålmenta, forbi Knutafjøro, der veg var rekkefølge krav til Stronde utvikling AS frå KH. Då er det 101m att til Gamle Stupen, som må verta universal. Det er då trafikktrygt heile strekninga frå Øystese elva til Friområdet.

ØGU ringte, 09.10.2020 Jon Nedkvitne for å drøfte vegløyvinga. I løyvet som ØGU fekk 06.06.2019 for 30 år, er veg teikna inn oppe i terrenget, men vegen må liggja lenger nede for å få den universal og mest mogleg tilgjengeleg for alle, som det står i løyve, (sjå vedlegg 3).

Jon Nedkvitne spør om dette ikkje vert svært nær nabo? Legg ein på målestokk er det ca 20 meter frå husvegg, 4 meter som tilhøyrar nabo eigedom, vert dette 16 meter frå grensa til

Gamel Stupen sitt gamle fundament, rett tall er 18,7m. Plansjefen sa til ØGU at ved å rekonstruere stupen på gamle fundament kunne ein forhalda seg til gammalt lovverk.

ØGU spurte kva dette hadde med nabogrensa å gjera? Friområdet var regulert til friområde i 1955, og då nabo søkte om å få kjøpe tilleggsjord av friområdet (ref.16/2598-2/N – 135, TYPE – H, GBNR – 044/0014, GBNR – 044/0267/TRUBUE,(vedlegg 6), nest siste avsnitt: *«Eigedommen ligg i eit område i Øystese der det er ein del aktivitet ang. veg, utfylling osv. Omsøkt areal er sentrumsnært og grensar til sjø. I enden av friområdet mot Øystese har grendautvalet fått løyve til hogging og rydding for å ta området meir i bruk for ålmenta. Kvam herad vurderer området til å ha store kvaliteter for ålmenta. Det er derfor ikkje ønskelig å selja deler av friområdet»*, brev av 14.11.2016

ØGU ringte 09.10. til Stein Rykkje FDV (Forvaltning – Drift – Vedlikehald) som skriv løyve om tiltak på kommunal eigedom. Spørsmålet var, må løyve til tiltak på KH eigedom frå 06.06.2019 justerast (sjå vedlegg 3)? Forhøyrde oss om veg frå Knutafjør, som er kommunal, til Stupen og forklarte at den måtte leggjast lengre ned for å få den universal og tilgjengeleg for alle. Veg frå eigedoms grensa til Stronde utvikling AS og forbi Knutafjøro er rekkefølge krav frå KH som Stronde utvikling AS har oppfylt.

ØGU fekk då presentert at Stupen burde flyttast mot Øystese og at det ville gi ein kortare og billigare veg, me burde kontakte Utespesialisten som hadde ei lita og enkel maskin som kunne utføre arbeidet. Me trong ikkje bruke Kjosås Maskin med store maskiner. Kvam herad gav i 2020 avslag på kulturmidlar til Stupen, så det med økonomi må ØGU ordna sjølve. ØGU forklarte då også at Plansjefen hadde sagt at den best løysninga var å rekonstruere, ifølge lovverk.

Stein Rykkje sa då : **Alt kan endrast.** ØGU svara då, dette må me skrive ned, følte at her er det mykje som ikkje stemmer og dette kjennes lite truverdig!!

ØGU ringte igjen Stein Rykkje, på føremiddagen den 22.10.2020, og sa at ØGU yngste eit møte med han. Han ordna møte same dag kl 13 00 og foreslo at Jon Nedkvitne og Heidi E. Ørjansen skulle vere med. Det er fyrste gong me opplever møte same dag, det kan ta veker å få rette vedkommande i tale på telefon, her er det noko som ikkje stemme!!
Kommentar når ØGU kjem: de møter mannsterke! 2 Kvinnfolk frå ØGU, møter 2 menn og ei kvinne frå administrasjonen!?

I høve til trafikkisikker tilkomstveg viser Plansjefen eit kart, frå den nye Kommunedelplan areal, dette kartet har ikkje ØGU sett før og ber om at Plansjefen sender det over. KLV spør, kva er den streken, deler av Friområde er gjort om til bustad område? Plansjefen får då «akutt» behov for å gå, skal på anna møte, «skyt seg ut døra», sa kartet skulle sendast frå hennar kontor. Det er vanleg å melde frå ved møtestart om ein ikkje kan delta på heile møte, for å sikre at alle får stilt dei spørsmål ein set inne med. 04.11 er det gått 2 veker sidan møte, kartet er ikkje komme og ØGU ringjer Plansjefen, som svarer med sms: «Jeg ringer tilbake», har pr d.d. ikkje ringt. ØGU ringer igjen 05.11 og får 2 ulike svar: Plansjefen er på leiarsamling ½ dag, ringjer igjen, neste svar Plansjefen er på kurs heile dagen.

ØGU snakkar så med Ronny Andersen, forslag frå resepsjonen som alltid er hjelpsame, han var usikker på kva kart det var snakk om. Han foreslo då at han kunne sende mail til Plansjefen å be henne sende kartet, han la med vår mail adressa så det skulle gå raskt. Det kom ikkje kart eller svar no heller. Kartet skulle brukast i søknad om veg til Gamle Stupen og nabovarsel.

ØGU såg seg då nøyd til å leige inn Kjosås Maskin, til å lage og sende søknad og nabovarsel.

ØGU oversendte til Kjosås maskin alle papira som var gjort klar til søknaden. Det kartet ØGU ikkje fekk frå Plansjefen ordna Kjosås Maskin (vedlegg 7).

Det kjem fram på kartet frå den nye Kommunedelplan areal, Friområde på 44 / 14, at ein del mot nabo er omgjort til bustad. Dette verkar underleg i høve til det som er oppgitt i brev av: ref.16/2598-2/N – 135, TYPE – H, GBNR – 044/0014, GBNR – 044/0267/TRUBUE (sjå vedlegg 6) og i løyve om tiltak på kommunal eigedom 44/14 som ØGU fekk 06.06,2019 (sjå vedlegg 3).

Naboeigedom 44/267, det gjeld ikkje eigarane av eigdommen, men det må nemnast at den eine eigaren er tilsett i Kvam herad sin administrasjonen, noko som vel utløyser habilitet spørsmål. Det har tidlegare vore førespurt Rådmannen om kvifor ikkje byggjesøknader har vore behandla i Planutvalet, svar manglar. Eigedom 44/267 vart på 1950 talet seld frå Knut Strand, eigar av 44/14 til herr Høvik 44/267, den var seld utan strandlinje, kunn til støypt mur med gjerde, strandlinja beholdt eigar av 44/14, pr dato Friområdet. Huset var sett opp som eit murhus utan bilveg til huset, utan garasje, naust og kai (vedlegg 8 og 9)nærbilete av Gamle Stupen. Noverande eigar har gjort ei svært omfattande utbygging og oppjustering av, kaianlegg, flytebryggje, pir, naust, garasje, veg ned til huset. Huset er og påbygd monaleg og har utleigeeining, annonse på Finn.no (vedlegg 10og 11).

Dette står i sterk kontrast til alle NEI svara søkjarar i resten av bygda opplever. Ein veit at fleire søknader har fått nei til liknande tiltak. Dette stiller mange innbyggjarar i Øystese spørsmål om, er dette likeheit for lova?

Denne eigdommen 44/267 har pr dato flytta grensa si ca 20 meter inn på friområdet til Kvam herad med lett gjerde, plantning og hageanlegg.

Korleis kan ein i den nye kommunedelplan areal gjere om del av Friområde 44/14 i grense mot 44/267 til bustad, frå grønt til gult. Dette verker motstridande og underleg når ein i brev 14.11.2016 til 44/267 (sjå vedlegg 6) og i vedtak på løyve til tiltak av 06.06.2019 (sjå vedlegg 3) til ØGU vektlegg Friområde frå 1955 som viktig for ålmugen og sentrumsnært. Dette verker som eit «tjuveri» frå ålmugen sitt Friområde med strandlinje. Kan dette som er omgjort til bustad seljast som bustadtomt? Får ein dispensasjon til å byggja så nær veg / sjø? Sal til nabo 44/267 er avslått i brev frå 14.11.2016 (sjå vedlegg 6). Kva planar har KH for å gjera dette?

Dette brevet er handsama i styre til ØGU.

Med vennleg helsing


Kristi Opsanger
leiar

Kopi til:

Styre i ØGU
Svein Johannes Stuve
Øystese Næringslag

Vedlegg:

1. mail av 29.05.2019
2. Avtale 44/2
3. Avtale 44/14
4. Bilde Badeflåten
5. Bilde Badeflåten ovanfrå
6. Brev av 14.11.2016, tilleggsjord
7. Kommunedelplan areal, kartsnitt 44/14
8. Hus på 44/267 under oppføring med Gamle Stupen
9. Gamle Stupen, forstørra frå vedlegg 8.
10. Hus pr dato på 44/267 frå Finn.no annonse.
11. Hus pr dato på 44/267.



Årsmelding 2020-2021

Mobbeombodet i Vestland

Innhald

Forord.....	3
Samandrag	4
Mobbeombodet i Vestland	5
Mobbeombodets arbeid i 2020-2021	6
Kvifor har ikkje barn det bra?.....	8
Kva sviktar i handteringa?	10
Kva for hjelp ønskjer tilsette?	14
Kva skal til for å lukkast med handtering? Oppmodingar	15
1) Tru på barn.....	15
2) Ekte samarbeid.....	15
3) Kjenn barn sine rettar	16
4) Forstå	17
5) Be om hjelp	17
Vegen vidare.....	18
Kjeldeliste	19

Teikninga på framsida er laga av Jenny Hop Torvund, 14 år

Forord

Dette er årsmeldinga frå mobbeombodet i Vestland til fylkestinget i Vestland. Årsmeldinga gjeld for barnehage- og skuleåret 2020-2021. Den er skriven med utgangspunkt i dei førespurnadane som har kome til mobbeombodet og det arbeidet som har vorte gjort. Vi rapporterer til fylkestinget for å vise korleis ressursar har vore nytta, men enno meir for å peike på svakheiter og sjå moglegheiter som kan vere eigna i det vidare arbeidet i fylkeskommunen og kommunane.

Når mobbeombodet mottar ein førespurnad, høyrer vi om barn som ikkje har det trygt og godt på skulen eller i barnehagen. Vi får innsyn i kva som ligg i barns opplevingar av å ikkje ha det trygt og godt og kva hjelp dei ønskjer. Dette er viktig å løfte og gjere kjent. Når eit barn ikkje har det bra, bør foreldre i dei aller fleste saker involverast. Dei har omsorgsplikt og har rett til å bli informert om saker som angår barnet. Foreldre er ein viktig del av arbeidet med trygge og gode psykososiale miljø. I år har vi valt å ha særleg fokus på foreldre i årsmeldinga.

I rolla som mobbeombod kjem vi òg i posisjon til å sjå kva som konkret fremmar og hemmar gode løysingar i skule og barnehage, og kva tilsette og støttesystem ønskjer hjelp til. Dette må vi formidle.

Vi takkar alle som har tatt kontakt med oss og dei vi har samarbeidd med dette året. Vi har lært av kvarandre, og vi utviklar oss stadig. Vi tar med oss vidare all tilbakemelding vi har fått. Vi er særlege takksame for samarbeidspartar som har utfordra oss på eige arbeid. Det har bidrege til at vi utviklar rolla vår og kvaliteten på tenesta vi leverer.

Vi ber særleg om at ansvarlege politikarar, administrasjon og tilsette i skule og barnehage løftar og bruker årsmeldinga. Les den, lytt til erfaringane frå elevar, foreldre og tilsette, og kontakt oss gjerne om du vil høyre meir!

Aina Drage og Mari-Kristine Morberg,
Mobbeombod i Vestland, 01.07.21

Samandrag

Alle barn og elevar skal ha trygge og gode psykososiale miljø. Barnehagen og skulen skal ha nulltoleranse for krenkingar som til dømes mobbing, trakassering og diskriminering, og dei har ei aktivitetsplikt når eit barn ikkje har eit trygt og godt leik- og læringsmiljø.

Mobbeombodet i Vestland er eit lågterskeltilbod for barn og unge i barnehage og grunnskule i Vestland, og for deira foreldre. Mobbeombodet skal bidra til at barn og unge får oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø.

Vårt arbeid har dreidd seg både om førebygging, handtering og oppfølging av utrygge miljø og mobbing. Vi har mottatt 201 førespurnader som gjeld barnehage- og/eller skulemiljø i Vestland. Det er flest foreldre som har tatt kontakt, men vi har òg mottatt førespurnader frå tilsette. Mobbeombodet har deltatt med innlegg og føredrag for foreldre, for tilsette og for lokalpolitikarar. I samarbeid med elev- og lærlingombodet har mobbeombodet jobba for å utvikle ei god teneste for barn og unge. Saman har vi òg hatt faste møte med politisk og administrativt nivå. Slik har både tenesta blitt tatt i vare og erfaringar fanga opp og delt med ansvarlege. Gjennom året har det òg vore eit mål å gjere mobbeombodstenesta synleg for dei vi er sett til å hjelpe.

Barns opplevingar av utrygge miljø er samansette og handlar om meir enn mobbing. Barn viser til utrygge miljø, tydelege overtramp og krenkingar som kan vere vanskelege å fange opp.

I handtering av saker er barnehagen/skulen sin evne og kompetanse avgjerande. Foreldre som tar kontakt med oss opplever at barnet deira ikkje får den hjelpa dei treng og som barnet har krav på. Det kan vere at barnet ikkje blir trudd eller opplevingane blir bagatelliserte. Nokre gongar verkar ikkje tiltak, andre tiltak forverrar situasjonen eller opplevast krenkjande. Når barn har det vanskeleg, ser vi at foreldre også blir meir sårbare. Når foreldre og skule/barnehage ikkje forstår situasjonen likt, utløyser det ofte stress for ein eller begge partar. Det kan føre til konfliktfylte situasjonar. Slike konfliktsituasjonar er noko av det tilsette ber om hjelp til.

Basert på førespurnadane i 2020-21 har mobbeombodet følgjande oppmodingar til ansvarlege i barnehage og skule:

- 1) Tru på barn. Alle tilsette må ha kompetanse og ressursar til å ta imot barn som fortel om at dei ikkje har det bra.
- 2) Samarbeid på ekte. Foreldre må bli sett på som ein likeverdig partnar og verdifull bidragsytar.
- 3) Kjenn barn sine rettar. Vaksne som jobbar med barn må ha kunnskap om barn sine rettar og korleis ein gjer ei vurdering av barnets beste.
- 4) Forstå. Alle tilsette i barnehage og skule må ha god kompetanse om grupper, gruppedynamikk, sosialt samspel og mobbing.
- 5) Be om hjelp. Gode vaksne har òg behov for hjelp, dei må vite når dei skal be om det og dei må ha naudsynt kompetanse tilgjengeleg.

Mobbeombodet i Vestland

Mobbeombodet i Vestland er eit lågterskeltilbod for barn i barnehage og grunnskule, og for deira foreldre. Mobbeombodet skal bidra til at barn og unge får oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Det inneber at alle kan spørje ombodet om råd som gjeld barnehage- og skulemiljø. Mobbeombodet har teieplikt.

I Vestland var det i 2020 registrert 34 049 barn i barnehagar¹ og 76 867 elevar i grunnskulen².



Mari-Kristine Morberg og Aina Drage.
Foto: Vestland fylkeskommune v/Mathilde Valvatne

Mobbeombodet er uavhengig av politiske og administrative myndigheiter. Saman med elev- og lærlingombodet er vi plasserte i fylkeskommunedirektøren sin stab, i avdeling for organisasjon og økonomi. Ombodet har kontorstad ved fylkeshusa på Bergen og Leikanger.

Fylkestinget i Vestland vedtok 10.6.2020 mandat³ som mobbeombodet arbeider ut frå. Først og fremst gir vi støtte, råd og rettleiing til foreldre til enkelte barn. Vi samarbeider med foreldregrupper og tilsette i barnehage og skule, og vi bidreg med faglege innspel til barnehage- og skuleleiing og til lokalpolitikarar i kommunestyre. Vi arbeider med både førebygging, handtering og oppfølging av utrygge miljø og mobbing.

Kontaktinformasjon til Mobbeombodet i Vestland

Telefon: 57 30 03 33

E-post: mobbeombod@vlfk.no

Nettside: vlfk.no/mobbeombodet

Du kan òg helse på oss i presentasjonsfilm: <https://www.youtube.com/watch?v=eYGUelUNZkg>

¹ <https://www.ssb.no/utdanning/barnehager/statistikk/barnehager>


² <https://www.ssb.no/utdanning/grunnskoler/statistikk/elevar-i-grunnskolen>

³ <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekvardagen/mobbeombodet/kva-er-og-kva-gjer-mobbeombodet/>

Mobbeombodets arbeid i 2020-2021

Førespurnadar som gjeld enkelte barn eller konkrete saker der barn er involvert.

Mobbeombodet har mottatt 201 førespurnader som gjeld barnehage- og/eller skulemiljø i Vestland. Dei fleste som har tatt kontakt er foreldre til barn som opplever utrygt barnehage- eller skulemiljø. Også tilsette i barnehage og skule har tatt kontakt, ofte for å få rettleiing eller råd i ei sak. Tabellane under syner korleis førespurnadane fordeler seg på felt, alder, kjønn og kven som har tatt kontakt med oss.



Dei fleste, og totalt 167 førespurnader, har kome frå skulefeltet.

Diagrammet syner òg at barnehage brukar tenesta, totalt 7 førespurnader.

Vi har mottatt 15 førespurnader som gjeld situasjonar utanfor barnehage og skule.

12 av førespurnadane har dreidd seg om generelle råd; tolking av lovtekst, utvikle rutinar, generelle spørsmål om aktivitetsplikt og -plan.




Dei fleste som tar kontakt med oss informerer om kva klassetrinn det gjeld, men ikkje alle.

Det er flest førespurnadar på mellomtrinnet.

For barnehagefeltet er det flest førespurnader som gjeld dei eldste barna.

Fordeling mellom kjønn er tilnærma likt, men også her er det ikkje alle som informerer om kjønn.



Tilsette som har kontakta oss har i hovudsak vore leiarar i barnehage/skule, men inkluderer òg lærarar i klasse og førskulelærarar i avdeling.

Med «hjelpesystem» meiner vi mellom anna PPT, skulehelseteneste og BUP.


«Andre» som har tatt kontakt inkluderer FAU-representant, advokat, slekt og venner av familie.

Førespurnader frå tilsette i barnehage, skule og støtteapparat rundt barn

Gjennom året har vi òg mottatt spørsmål og førespurnader som gjeld system meir enn enkelte barn. Det har i all hovudsak vore tilsette i barnehage, skule, leing, kommuneadministrasjon og støtteapparat som har tatt kontakt. Vi har mellom anna bidratt ved å drøfta tolking av lovtekst, praktiske konsekvensar av lovtekst, rutinar for handtering av urolege/utrygge miljø og utarbeiding av heilskaplege kommunale retningslinjer.

Innlegg og føredrag som gjeld barnehage- og skulemiljø

Mobbeombodet har deltatt på foreldremøte, ofte med tema *trygge fellesskap* og *sosiale prosessar*. Vi har òg gjennomført føredrag/temaøktar med tilsette i barnehage og skule, SFO og kulturskule. Kommunar har invitert mobbeombodet til politiske møte der vi har fått fortelje om erfaringane våre. Vi har vekta kva barns opplevingar handlar om, og våre tankar om kva som hemmar og fremmar løysing i saker.



Ved invitasjon, og med omsyn til kapasitet, har mobbeombodet halde føredrag og innlegg for aktuelle og ansvarlege i barns miljø.

Å treffe elevar og foreldre har vore viktig med omsyn til å gjere mobbeombodet kjend.

Å vere synlege for dei vi er sett til å hjelpe

Evaluering av mobbeombodstenesta viste at ordninga har hatt effekt, men at den har vore lite kjent.⁴ Vi har jobba på fleire måtar for å gjere tenesta betre kjent.

- Vi har sendt e-post med informasjonsplakatar til aktuelle aktørar i kommunar, med mål om å gjere informasjonen lett tilgjengeleg for barn og foreldre. Vi ser at mange kommunar, skular, barnehagar, fylkeskommunale skular og tannklinikkar i Vestland informerer om tenesta.
- Gjennom eigen profil på Facebook⁵ og Instagram⁶ rettar vi oss mot foreldre og mot ungdom. Her har vi delt aktuell informasjon for målgruppa.
- I løpet av året har vi hatt praksisstudent frå universitetet i Bergen og masterprogrammet *Kommunikasjon og medievitskap*. I samarbeid har vi laga korte filmar, mellom anna presentasjon av mobbeombodet i Vestland.⁷
- I fysiske og digitale besøk i klasserom og foreldremøte har vi presentert oss sjølve og mobbeombodstenesta.
- Mobbeombodet har skriva debattinnlegg og stilt opp til intervju i aktuelle saker i media, totalt 19 slike innlegg/intervju fordelt på lokalaviser, regionaviser, lokalradio og TV.

⁴ https://www.udir.no/contentassets/a252bc9ffb8d43819923e1c2c164a51f/fylkesvise-_mobbeombud_nova-rapport-2020.pdf

⁵ <https://www.facebook.com/mobbeombod>

⁶ <https://www.instagram.com/ombodvestland/?hl=nb>

⁷ <https://www.youtube.com/watch?v=eYGUelUNZkg>

Samarbeid med elev- og lærlingombodet i Vestland

Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet har hatt faste møte. Vi har samarbeidd for å utvikle ei god teneste for alle barn og unge i fylket. Vi har sett på moglegheiter for konkrete samarbeidsprosjekt og har jobba med interne rutinar og retningslinjer.

Vi har hatt møte med fylkespolitikarar og fylkesadministrasjonen. Tema for møta har vore arbeidet og erfaringane til omboda.

Deltaking i nasjonalt nettverk, saman med andre fylkesvise mobbeombod og elev- og lærlingombod

Fylkesvise mobbeombod, elev- og lærlingombod og oppvekstombod har eit nasjonalt nettverk. Gjennom faste digitale samlingar og i arbeidsgrupper har vi hatt faglege drøftingar, delt erfaringar og gitt høyringssvar. Læringsmiljøsenderet i Stavanger har hatt i oppgåve å legge til rette for kompetansesamlingar for omboda. Å vere i nettverk med andre ombod har bidratt til fagleg utvikling og rolleforståing. Eit av mobbeomboda i Vestland sit i nettverkets arbeidsutval.

Kvifor har ikkje barn det bra?

«Det må vere to meter mellom alle, men det spelar inga rolle, for det er allereie fleire kilometer mellom meg og dei andre»
- jente, 12 år

Tydelege og skjulte krenkingar

Barn og unge er saman i barnehage, på skule, på skuleveg, på fritid og på nett. Barn som opplever mobbing og krenking, viser til at krenking skjer på fleire stader, i ulike situasjonar og på ulike måtar. Barn fortel både om tydelege og meir skjulte krenkingar. Førespurnadar vi får handlar ofte om verbal, relasjonell og fysisk krenking, og om urolege klassemiljø.

Barn fortel om å bli kalla ufine ting, til dømes kommentarar på utsjånad. Dei blir bedne om å flytte seg for andre. Trugslar om overgrep eller vald skjer, til dømes at personen skal bli skada. Rasistiske utsegn og kommentarar som gjeld identitet er òg ein del av opplevingane. Dette skjer både ansikt til ansikt og digitalt.

Digitale krenkingar kjem fram på ulikt vis. Barn blir utestengt frå digitale møteplassar og får ikkje merksemd frå andre. Å bli utestengt frå fellesskap, om det er fysiske eller digitale, gjer vondt. Barn får krenkande meldingar; oppmodingar om å skade seg sjølv eller ta livet sitt. Barn opplever å bli tatt og delt bilde av, det blir spreidd rykte om dei, eller dei får tilsendt bilde og meldingar av seksuell karakter. Nokre har opplevd at mobbing oppstår i etterkant av digitale hendingar der dei sjølve har gjort ugreie ting.

Barn fortel om situasjonar der eigendelar har vorte øydelagde; til dømes sykkel, klede på gangen og matpakke som blir trakka på.

Fysiske krenkingar og vald skjer. Vi høyrer om slag, biting, klyping, dytting, spark i skrittet og kvelartak. Barn blir kasta ting på, som viskelêr, snøball eller diverse ballar i gymtimen. Barn blir tissa på, seksuelt trakasserte og halde fast medan andre slår.

"Det er berre plass til 18 i denne leiken. Du kan ikkje vere med."
- 4. klassing

«Det einaste som
hjelper er å slå»

- gut, 11 år

Vi høyrer om barn som blir terga til dei sprekk, som slår tilbake, rasar og øydelegg ting. Fleire av desse opplever å bli gjort ansvarlege for det som skjer og blir tildelt skuld for situasjonen.

Det handlar òg om klassemiljø som har vore uroleg over tid. Ofte ser vi at utrygge klassemiljø har kjenneteikn som ugrei språkbruk, ustabile klassefelleskap og klikk-danning. I slike miljø kan alliansar i stor grad definere rollar og innan- og utanforskap.

Mange som tar kontakt med oss har levd i utrygge miljø tidlegare. Mange fortel at dei har blitt utsett for krenking og mobbing over lang tid, at det starta i barnehagen eller at dei har hatt aktivitetsplan eit år eller to tilbake i tid. Føresurnadar vi har mottatt i år syner at mobbing har starta opp att i same miljø, der ein tidlegare har klart å stoppe det. Vi ser òg at krenkingar kan starte opp att etter strukturelle/organisatoriske endringar; til dømes ved skifte av gruppe (base/trinnorganisert skule), skifte av lærar eller ved overgang til ny skule (ungdomsskule eller byte av skule på grunn av mobbing).

Krenka av vaksne

Når barn og unge opplever mobbing eller krenking frå vaksne, har det ofte handla om situasjonar der 1) vaksne krenker barn, 2) vaksne blir opplevd som ein utrygg faktor eller 3) barnet manglar ein trygg vaksenrelasjon i barnehagen eller ved skulen.

Barn som opplever krenking frå vaksne, fortel om tydelege overtramp og meir skjulte eller udefinierbare. Vi har høyrte om barn som har opplevd å få straff; kjeft i samla klasse, utestengt frå time ved at døra blir låst, innestengt i kott, klype i armen og bli tatt kvelartak på. Barn som har opplevd slike hendingar, fortel at dei blir redde for den vaksne og at frykta sit i kroppen i lang tid etterpå. Barn som observerer at andre barn blir utsette for slike krenkingar vil òg ofte oppleve den vaksne som utrygg.

Når relasjonen mellom barn og tilsett er skjør, vil samhandling mellom dei opplevast annleis enn når relasjonen er trygg og god (Flygare & Nordahl 2016). Vi ser at det her ligg ein risiko for at den tilsette seier og gjer, sjølv med dei beste intensjonar, kan bli opplevd krenkande. Vi høyrer òg om barn som ikkje kjenner seg likt av vaksne.

Symptom

Barn som blir utsette for krenking og mobbing får sår. Mange ønskjer ikkje å vere i barnehagen eller på skulen, og gir tydeleg uttrykk for det. Samstundes ser vi at dei fleste av desse barna likevel møter opp. Vi høyrer om barn som utviklar eigne strategiar for å unngå situasjonar; gøymsle seg, rømme frå skulen eller finne vikarierende argument for å sleppe å vere saman med andre i klassen.

Barn blir prega av utryggheit, krenking og mobbing. Ofte høyrer vi om endra åtferd og auka grad av frykt. Mange blir redde for å vere aleine, for å gå til skulen, vere på skulen, sove aleine og redde for ikkje å bli truidd på. Barn blir nedstemte, deprimerde og ukonsentrerte. Vi ser òg auka trong til kontroll; at dagar må vere føreseielege og situasjonar kontrollerbare.

Nokre barn utagerer og angrip andre når dei sjølv er utrygge, medan andre vert stille og passive. Nokre skadar seg sjølv. Auka fråvær er vanleg. Nokre barn blir sjukemelde av legen sin. Fleire av barna og ungdommane som har stått i utanforskap, krenking, mobbing og utrygge miljø over tid, uttrykker òg ønske om ikkje å leve lenger.

"Det er ikkje noko
vits i at eg lever"

- gut, 15 år

Kva sviktar i handteringa?

Når mobbeombodet blir kontakta er det som regel fordi barn ikkje har det bra og i tillegg har noko svikta i handteringa av saka. Vi får tilgang til informasjon om kva som har gått gale. I skuleåret 2020-21 er det i stor grad dei same problemstillingane i handteringa som tidlegare. Vi meiner det er viktig å trekke desse fram og vise korleis dei påverkar ei sak. Problemstillingane som oftast går igjen er

- bagatellisering
- skulen/barnehagen tar ikkje (synleg) tak i saka
- manglande kommunikasjon og samarbeid
- krenkande kommunikasjon/sakshandsaming
- tiltak blir ikkje sett i verk, opplevast ikkje som treffsikre eller gjer vondt verre
- enkeltbarn blir gjort ansvarlege

Når ein familie opplever alt dette i ei og same sak, opplevast det som svært krevjande. Når handtering feilar tidleg i prosessen pregar det ofte saka vidare. Det krev tid og energi å rette og bygge opp att tillit. For å prøve å vise problemstillingane som går att, og kva som påverkar prosessen, har vi laga ein fiktivt case som vi no presenterer.

Sofie – ein case om handtering av skulemiljøsak

«Sofie» er 12 år. Ho har lenge hatt det vanskeleg sosialt. Det har vore mykje uro i klassen dei siste åra. Sofie har fortalt kontaktlæraren sin om konflikter og ugreie ting som skjer i friminutta. Foreldra hennar har ved fleire høve sendt mail og tatt opp på utviklingssamtale at dei er litt urolege for konfliktane og krenkingane som Sofie fortel om.

Læraren seier at Sofie har vener både i klassen og i parallellklassen og han trur ho for det meste har det bra. Det å bli utestengt er noko alle jentene i klassen opplever i blant, men han seier han skal snakke med dei involverte. Ting blir betre nokre veker, men så er det tilbake til slik det var tidlegare.

Før førre utviklingssamtale var det nokre episodar der Sofie blei kalla stygge ting på Tik Tok, så no har foreldra samla mot nok til å be skulen gjere noko. «Vi kan ikkje sjå krenkingar. Meiner de at det er mobbing? Kan de vente litt med å melde 9A-sak?» Kontaktlæraren til Sofie tenkjer at dette er ei problemstilling han har god oversikt over, og ikkje noko han bør bry rektor med.

Vi ser at:

- Barn og foreldre har meldt frå ved fleire høve, ofte over år, utan å oppleve varig endring.
- Vaksne får ikkje med seg og klarer ikkje å sjå det barna fortel om.
- Skule/barnehage og barn/foreldre har ulik forståing av det som går føre seg.
- I meir enn 1/3 av sakene har ikkje barnet fått aktivitetsplan som skildrar kva tiltak skulen/barnehagen skal gjere for å betre situasjonen for barnet.⁷

«Kanskje de kan vente litt med å melde 9A-sak?»
- kontaktlærar

⁷ Dette gjeld nok langt fleire enn det som kjem fram i våre samtalar.

- Ein del tilsette uttrykker at det må handle om mobbing for at aktivitetsplikta skal gjelde.⁸ Skule og barnehage har plikt til å sikre at barn har eit trygt og godt psykososialt miljø etter opplæringslova og barnehagelova. Elevar har òg ein individuell rett på eit trygt og godt miljø. Usikkerheit om lovverk fører til gjentatte lovbrøt.

Krevjande kommunikasjon

Foreldra til Sofie meiner at dei får lite informasjon frå skulen. Ut på hausten i 6. klasse sender dei ei melding til rektor kor dei viser til kapittel 9A i opplæringslova. Dei blir kalla inn til møte på skulen veka etter. I e-posten er det ingen informasjon om kor på skulen møte skal vere, agenda for møte, kor lang tid som er sett av eller kven som skal delta. Foreldra kvir seg allereie. Det å ikkje vite kva som skal gå føre seg, er eit stressmoment.

Kontaktlærar og avdelingsleiar deltar på møtet. Sofie er ikkje invitert. Foreldra fortel nok ein gong om dei viktigaste hendingane og historikken sidan 3. klasse. Avdelingsleiar fortel at dei har følgd med den siste veka, og at dei ikkje kan sjå at Sofie er utrygg. Dei har snakka med Sofie og nokre av elevane i klassen som det har vore episodar med. «Dei fortel ulike versjonar av det som går føre seg, så her er det fleire historier», fortel læraren. Avdelingsleiar meiner Sofie ikkje har bruk for aktivitetsplan, men at dei skal fortsette å følgje med. Kontaktlærar fortel òg at dei etter jul skal starte med jentegrupper på trinnet. «Det vil vere bra for alle. Vi jobbar jo med sosial kompetanse heile tida», seier dei, og legg til at dei kan sjå på moglegheita for å lage friminuttsgrupper.

«Vi ser at ho har vener, så ho treng ikkje noko aktivitetsplan»

- skuleleiar

Etter møtet ventar foreldra på referat, men får ikkje noko tilsendt. Dei er usikre på kva skulen og dei sjølve skal gjere vidare.

Vi høyrer at:

- Barnet si stemme manglar ofte i møte og i saker som gjeld dei sjølve.
- Foreldre må etterspørje informasjon og etterlyse framdrift. Dei kjenner seg som ei byrde for skulen/barnehagen.⁹
- Foreldre får lite informasjon om korleis skulen/barnehagen har gjort undersøkingar. Då er vanskeleg å vere trygg på at det er undersøkt godt nok.
- Uryddig forvaltningsskikk går igjen; å ikkje få skriftleg innkalling med tilstrekkeleg informasjon til møte, manglande referat frå møte, at ein ikkje får høve til godkjenne referat, osv.

⁸ § 9 A-4: «Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg. Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle. Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka. Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid. Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak». I planen skal det stå a) kva problem tiltaka skal løyse, b) kva tiltak skolen har planlagt, c) når tiltaka skal gjennomførast, d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka, e) når tiltaka skal evaluerast. Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.» Skulen skal klare å fange det opp når ein elev fortel at han/ho ikkje har det trygt og godt og det skal vere låg terskel for å varsle rektor.

⁹ Det er særleg mange som har kjent på det det siste året, - dei veit at skulen og barnehagen har det ekstra krevjande med korona og smittevern.

Samarbeid

Det kjennast som om skulen ikkje tar opplevingane til Sofie på alvor. Samstundes er ikkje foreldra på skulen og kan sjå kva som faktisk skjer mellom jentene. Foreldra har alltid hatt eit godt samarbeid med kontaktlærar og dei liker han godt. Dei vil ikkje kritisere jobben han gjer, det er tydeleg at han bryr seg om Sofie. I tillegg er dei urolege for at ei klage ikkje vil hjelpe situasjonen til Sofie. Kanskje blir det verre?

«Men korleis kan eg slutte å melde frå om alt barnet mitt fortel meg om, når dei gir uttrykk for at dei ikkje ser det?»

- mor

Foreldra forsøker å støtte og oppmuntre Sofie. Dei legg vekt på positive opplevingar, men synst det er vanskeleg å finne riktig balanse mellom å trekke fram det gode som skjer på skulen, utan å sjølv bagatellisere det Sofie fortel. Sofie har ved fleire høve sagt at det ikkje er noko hjelp i å fortelje til dei vaksne på skulen, for dei seier berre at ho må vere meir frampå og hoppe inn i samtalen.

Vi ser at:

- Foreldre er avhengige av eit godt samarbeid med skulen og dei fleste kvir seg for å vere «den krevjande forelderen», «den som alltid masar», «den som aldri blir nøgd».
- Foreldre er i ein sårbar situasjon, saman med barnet sitt. Nokre blir sjukemelde.
- Foreldre kjenner seg pressa til å sjølv ta ansvar og styring når dei opplever at skulen/barnehagen ikkje gjer det. Det er ikkje alltid til barnas beste.
- Barn som opplever at dei ikkje blir lytta til eller at det ikkje har noko effekt å fortelje (sjølv om den vaksne er empatisk og lyttande), vil ofte slutte å fortelje.

Sakshandsaming og tillit

Tida går. Det kjem stadig små kommentarar og der er treff som Sofie ikkje blir invitert til. Etter jul skal dei i gang med «jentegruppe». Sofie gruar seg og lurar på kva dei skal snakke om.

Det blir vanskelegare for Sofie å gå på skulen. Mor¹⁰ oppdaterer læraren med jamne mellomrom. Dei gongene ho får svar på e-postane, får ho vondt i magen. Det er ikkje alltid ho orkar å lese svaret med ein gong. Ho er usikker på kva læraren meiner med det han skriv.

«Guten min får i oppgåve å gå frå situasjonen, seie og gjere sånn eller slik. Men han er 7 år! Han skal ikkje måtte ha eit arsenal av verktøy for å verne seg!»

- far til 2. klassing

Foreldra er uroa for skulen sine rutinar og kompetanse. «Anten vil dei ikkje sjå, eller så kan dei ikkje sjå...» Begge deler er urovekkande, meiner dei. Tilliten til skulen brytast ned. Foreldra vil ikkje melde saka til Statsforvaltaren. Dei fryktar det vil ta tid og energi bort frå å hjelpe Sofie og at samarbeidet med skulen skal bli verre.

Dei tar kontakt med rektor på ny. Denne gongen står mobbeombodet i kopi på e-posten. Rektor set i gong undersøkingar etter opplæringslova § 9A-4. PPT i kommunen blir kopla på - dei observerer eit hierarki i klassen. Sofie

ser ut til å vere nedst på rangstigen.

¹⁰ Ombodet blir kontakta av både fedrar og mødrer, men mødrer er i stort fleirtal (83% av foreldre som tar kontakt).

Vi erfarer at:

- Det som blir sagt, ord og formuleringar skulen/barnehagen vel å bruke har svært mykje å seie. Orda blir tolka i lys av eigne opplevingar av situasjonen, i lys av relasjonen til tilsette og i lys av tidlegare erfaringar med barnehagen/skulen. «Kva meiner dei med det? Kva betyr dette?» Foreldre treng å vere trygge på kva barnehagen/skulen tenkjer og kjenne at dei vil barnet deira vel.
- Når kommunikasjon og samarbeid i seg sjølve krev energi frå foreldra blir det ofte ei tilleggsbelastning og tilleggskonflikt til sjølve saka. Det er ikkje til det beste for barnet.
- Når tilliten er tynnslite krev det god og tett oppfølging for å bygge den opp att.

Tiltak

Etter undersøkingane utarbeidar skulen ein aktivitetsplan. Sofie og foreldra får uttale seg om tiltaka i planen. Dei er litt usikre. «Nokre tiltak ser ut til å vere gode, men vi er ikkje pedagogar, så vi veit eigentleg ikkje....». Det er ikkje sett opp noko dato for evaluering av tiltaka, men når foreldra ber om dette, blir dei kalla inn til møte. Sofie er med på deler av møtet. Ho seier at det går litt betre.

Nokre av tiltaka ser ut til å ha effekt. Det er mykje fokus på samarbeid og venskap i klassen og vaksne jobbar med å forbetre relasjonane til og mellom elevane. Sofie har tilbod om å snakke med helsesjukepleiar kvar veke. Det likar ho, det er fint å ha ein vaksen som lyttar, men det er òg ubehageleg når ho går ut av klassen og alle dei andre ser på og spør kva ho skal.

Nokre tiltak gjer vondt verre. Tiltaket med friminuttvener fungerer av og til. Det kjem an på kven ho er på gruppe med. Førre veke sa to av dei: «Vi vil ikkje at du skal vere saman med oss». «Men eg må jo det», svara Sofie. «Då får du i alle fall vere stille». Andre gongar blir Sofie gjort ansvarleg. Som på fotballbana; då Sofie prøvde å ta ballen som stadig gjekk forbi ho vart ho skulda for å øydelegge og kunne difor gå å hengje seg. Sofie gjekk vekk og ein lærar kom bort;. «Kvifor er du ikkje med å spele? Ser du ikkje at heile klassen er med? Du kan ikkje berre velje vekk felles aktivitetar, då blir du aldri inkludert».

Nokre av tiltaka blir justert etter tilbakemelding frå foreldra. Dei fryktar Sofie begynner å bli lei av møter og «mas» og at ho ikkje lenger seier korleis ho har det. Heime gret ho mykje, har vondt i hovudet og ho vil verken på skulen eller på fritidsaktivitetar.

Barn og foreldre fortel:

- Dei får ikkje bidra i arbeidet med tiltak.¹¹
- Aktivitetsplanar har lite konkrete tiltak. Planar kan vere utydelege på kven som er ansvarlege, på tidsperiode for tiltak og på dato for evaluering.
- Tiltak ikkje blir gjennomførte, har ikkje effekt eller gjer vondt verre.
- Det vert sett inn tiltak der dei sjølve er ansvarlege for å forbetre situasjonen.
- Dei opplever ei forventning om at barnet heile tida skal halde vaksne underretta om korleis det går, meir enn at vaksne sjølv tar dette ansvaret og hentar inn informasjon.
- Vaksne grip ikkje inn i krenkingar.
- Dei saknar informasjon om kva tiltak som blir sett inn mot andre involverte barn.¹²

«Kvifor skal vår dotter snakke med helsesjukepleiar kvar veke? Det er ikkje det som skal til for at ho får det betre på skulen!»

-far

¹¹ Barn og foreldre skal aldri ha ansvaret for å finne tiltak. Det er heller ikkje slik at barn/foreldre kan «bestille» eller krevje tiltak, det skal ligge ei fagleg og pedagogisk vurdering til grunn for tiltaka.

¹² Skule og barnehage har teieplikt om tiltak for andre barn. Likevel kan dei dele noko informasjon. Til dømes kan ein vise til skulen sine rutinar for handtering av krenkingar – at dei «alltid i alle saker følgjer opp slik». Ansvarlege kan be om samtykke til å

Skulen klarar i løpet av våren i 6. klasse å stoppe krenkingane som går føre seg ved å kople foreldre i klassen tett på. Dei jobbar framleis aktivt med å bygge opp att relasjonar, både i klassen og på tvers av klassane. Sofie fortel at det går mykje betre og skulen lukker saka før sommaren. Sofie og foreldra tenkjer at det er godt å starte 7. klasse med å leggje bak seg alt som har vore.

Det er mange som kjennar det slik som Sofie og foreldra hennar. Det har vi stor forståing for og ser at gode endringar kan vare ved. Likevel vil vi understreke at det er viktig å følgje opp i lang tid etter at eit barn igjen har det trygt og godt.¹³

Kva med barnehage?

Historia om Sofie har gått føre seg over nokre år på barneskulen. Mange av dei som tar kontakt med oss fortel at det går føre seg over år, at det har eskalert frå tid til anna og at det heile starta i barnehagen.

Førespurnadar om barnehage handlar i stor grad om det same som i grunnskulen, men i tillegg spør ein ofte om korleis og til kven ein skal løfte saka. Frå januar 2020 har barnehagen fått eit nytt kapittel i barnehagelova; kapittel 8. Dette liknar mykje på kapittel 9A i opplæringslova for skulen og her finn ein tydeleg kva pliktar barnehagen har når barn ikkje har eit trygt og godt psykososialt miljø.

Vi håpar og trur det nye kapittel 8 vil føre til meir merksemd og kunnskap om barn sine rettar i og blant barnehagar, barnehageeigarar, støttesystem og foreldre. Med meir systematisk arbeid, vil vi kunne plukke opp fleire saker og hindre at dei følgjer barna inn i skulen.

Kva for hjelp ønskjer tilsette?

Omboda blir i hovudsak kontakta av foreldre, men det er og ein del tilsette som tar kontakt. Over 40 av førespurnadane kjem frå tilsette i barnehagar, skular og hjelpesystem.¹⁴ Gjennom desse førespurnadane kan ombodet fange opp kva tilsette har behov for eller ønskjer rettleiing om.

Tilsette fortel og spør om mykje det same som foreldre. Dei ønskjer barna og elevane sitt beste og har spørsmål om korleis ein skal forstå aktivitetsplikta og korleis ein skal og kan gå fram til det beste for barna. Det handlar ofte om kva som kan vere eigna tiltak i ei sak, innspel til tiltak som barn/foreldre ønskjer, utforming av aktivitetsplan og/eller når ein kan avslutte ei sak. Tilsette løftar òg ulik problemforståing og utfordringar i samarbeid med foreldre og mellom foreldre.

I år har fleire stilt spørsmål om samtale som tiltak. Tilsette på skulane og i hjelpesystemet spør om samtalegruppe, til dømes «jentegruppe», kan vere eit godt tiltak. Finst det eigne opplegg? Har skulen tilstrekkeleg kompetanse for å gjennomføre? Kva må ein passe på?

dele informasjon med andre foreldre. Det er òg mogleg å utarbeide aktivitetsplanar på gruppenivå, kor ein har tiltak som blir satt inn i heile klassen eller gruppa.

¹³ Sjå også Bruvik et al, 2017

¹⁴ Med hjelpesystem meiner vi helsesjukepleiar, PPT, BUP, osb.

Nokre tilsette har spørsmål om førebygging og foreldresamarbeid generelt. Både tilsette og FAU-representantar i barnehage og skule etterspør førebyggjande verktøy og ressursar ein kan nytte i foreldremøte.

I tillegg har fleire tilsette spørsmål om korleis ein kan jobbe med klassemiljø/grupper. Nokre spør om ombodet kan bidra i kartlegging, i arbeid med aktivitetsplikta eller i arbeid på gruppenivå.

Kva skal til for å lukkast med handtering? - oppmodingar frå mobbeombodet

Saka om Sofie er fiktiv, men er basert på mange av førespurnadane våre, og det vi høyrar at barn og foreldre opplever.

Vi ser at det er skilnad på korleis barnehagar og skular handterer saker som gjeld barnehage- og skulemiljø; nokre er trygge og nokre meir usikre. Frå vår ståstad kan vi i noko grad sjå kva som skal til for å praktisere god handtering. Basert på erfaringane våre gjennom året som har gått, rettar vi følgjande fem oppmodingar til ansvarlege i barnehage og skule:

1) Tru på barn

Alle tilsette må ha kompetanse og ressursar til å ta imot barn som fortel at dei ikkje har det bra. Dette inneber å kunne møte barnet og foreldre sine behov – her og no, òg på sikt. Å trygge barnets foreldre, bidrar til trygg og god handtering frå alle partar. Det er til barnets beste.

Å tru på barn og ta i mot barnet si oppleving er særleg viktig i situasjonar der den tilsette les situasjonen barnet står i på ein annan måte enn barnet sjølv.

Som eigar eller leiar av barnehage og skule, må ein sikre at tilsette, som individ og som gruppe, er trygge på korleis dei møter uro og uro-meldingar. Barnehage- og skuleeigar må òg sikre at leiarar/styrarar er trygge, har oversikt og har naudsynte ressursar for å dekke dei tilsette sine behov.

2) Ekte samarbeid

Foreldre må bli sett på som ein likeverdig partnar og verdifull bidragsytar. Foreldresamarbeid må vere ein integrert del av barnehagen/skulen sin aktivitet.

Leiinga må sørge for at alle tilsette er klar over kva han/ho skal gjere for å fremme eit godt samarbeid med alle foreldre. Vidare må leiinga sørge for at ein har strategiar når samarbeidet blir vanskeleg.

Vi har vist at det er fleire problemstillingar som går igjen i handtering av saker. Både tilsette og foreldre fortel om ulik oppfatningar av det som går føre seg. **Det er lettare å komme vidare med saka**

om ein forstår ho likt, men det er ikkje ei føresetnad. Ein kan likevel bli samde om kva barnet treng for at det skal bli betre (Onsøien og Drugli, 2010).

«Samarbeidet mellom heim og skule må bære preg av felles mål, gjensidig forpliktelse og medvirkning». Skulen skal i følgje opplæringslova legge til rette for at foreldre har høve til medbestemming og påverknad på elevane si opplæring. Foreldresamarbeid syner at det er delt ansvar mellom heim og skule og viser likeverd og gjensidigheit mellom partane. Når samarbeidet fungerer optimalt, blir foreldra sett på som en engasjert og gjensidig partnar (Drugli & Nordahl, 2016).

Foreldresamarbeid må vere ein integrert del av barnehagen/skulen sin aktivitet. Det krev høg grad av forplikting frå alle.

Mobbeombodet fremmar, som Lund (2020), eit responsivt foreldresamarbeid. Det inneber

- å vere lydhør ovanfor foreldre
- stille spørsmål til foreldre, med mål om å forbetre skulen for elevane
- at skulen gjer noko med det foreldra fortel

Responsivt foreldresamarbeid gir familien moglegheit for handling. Foreldre blir sett som verdifulle bidragsytarar til forbetring av praksis og tilsette ser på kritikk og uro som høve for læring.

3) Kjenn barn sine rettar

Vaksne som jobbar med barn må ha kunnskap om barn sine rettar og korleis gjere vurdering av barnets beste. Vaksne må vidare gjennomføre pliktene sine etter lovverket ovanfor barn.

Tilsette i barnehage og skule må særleg ha inngåande kompetanse om aktivitetsplikta, med delplikter, etter barnehagelova og opplæringslova. Det gjeld både kva lova betyr, men og kjennskap til eigne lokale retningslinjer.

Tilsette i barnehage og skule må utøve god forvaltningsskikk, - det vil seie å svare på e-post og førespurnadar, gi god informasjon og rettleiing.

Barn i Noreg har sterke rettar i barnehagelova¹⁵, opplæringslova¹⁶, grunnlova¹⁷ og barnekonvensjonen¹⁸. Barneombodet si ekspertgruppe anbefaler i sin siste rapport at studentar i utdanningar retta mot barn må få opplæring om barnekonvensjonen og kva konvensjonen inneber for deira arbeid.¹⁹ Vi støttar dette fullt ut.

Både barn og foreldre har rett til å medverke og rett til å bli høyrte i saker om psykososialt miljø.²⁰ I trygge omgjevnader er det lettast for barn og unge å ytre seg om kva dei sjølv treng, kva som gjer godt og når dei kjenner dei trivst og har det trygt.

¹⁵ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelova#KAPITTEL_8

¹⁶ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=oppl%C3%A6ringslova#KAPITTEL_11

¹⁷ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn/KAPITTEL_5#KAPITTEL_5

¹⁸ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/barnekonvensjonen-nynorsk/id87589/>

¹⁹ Barneombodet si ekspertgruppe anbefaler i sin siste rapport, «Ungdom om medvirkning og barnerettighetsvurderinger» (2021) at vaksne må få informasjon og opplæring om barnekonvensjonen, og korleis ein gjer ei vurdering av barnerettar. <https://www.barneombudet.no/uploads/documents/Publikasjoner/Fagrapporter/Barnerettighetsvurderinger-og-medvirkning.pdf>

²⁰ Særleg i barnekonvensjonen (art 3 og 12), i grunnlova (§ 104), i opplæringslova (§ 9A-4), i barnehagelova (§ 3) og i forvaltningslova (§ 17).

Tiltak er skulen eller barnehagen sine grep, handlingar eller endring av praksis, som direkte kan forbetre barnet sin oppleving av det psykososiale miljøet. Tiltaka må vere konkrete. Tilsette må vite kvifor dei nyttar det eine eller det andre tiltaket og dei må vere medvitne kva ein vil oppnå med det. Det gjeld òg samtale som tiltak. Mobbeombodet avviser ikkje at samtale kan vere eit godt tiltak, men ein må vite kvifor ein har samtal og kva ein vil oppnå med samtalen. Skal ein bygge opp att tillit? Skal ein bli betre kjent med barnet? Skal barnet ha eit trygt rom for å fortelje om kva som skjer?

Risikovurdering av tiltaka er òg viktig, - kan tiltaket slå galt ut? Korleis? Kva gjer ein då?

Ein må halde fram arbeidet lengre enn ein trur for å sørgje for at sakene ikkje «blussar opp att» etter ei tid. Skulen/barnehagen må følgje særskilt med, ha nokre ekstra sjekkpunkt og ein plan for korleis ein følgjar opp etter at saka er avslutta.

4) Forstå

Alle tilsette i barnehage og skule må ha god kompetanse om grupper, gruppedynamikk, sosialt samspel og felles forståing av kva krenking og mobbing er.

Den vaksne må ha kompetanse og i tillegg anerkjenne at dei ikkje veit alt ein situasjon, og at involverte kan ha svært ulike opplevingar. Avgjerande faktorar for å lukkast med handtering av miljøsaker, er at den som handterer saka er trygg i arbeidet sitt, veit kva lovverket krev, og kva som vert forventa i møte med barn og foreldre. I tillegg må tilsette ha kapasitet til å handtere. Dette må barnehage- og skuleeigar ta ansvar for.

5) Be om hjelp

Tilsette må vite når dei kan og bør be om hjelp. Dei må òg ha naudsynt kompetanse tilgjengeleg når dei har behov for hjelp.

Spisskompetanse, til dømes gjennom skuleteam eller kommunale innsatsteam, kan vere eit døme på ein måte å løyse behovet for fagleg hjelp og støtte.

Vår erfaring er at leiarar og andre tilsette ute i barnehagar og skular er usikre på tolking av lovverk og praktiske konsekvensar av lovverk, og ønskjer støtte i arbeid med psykososialt miljø. Vi ser at mellom anna undersøking er ei delplikt som kan vere krevjande.

Når saker som gjeld psykososialt miljø har vorte handterte tenkjer vi òg det kan det vere nyttig å møtast for oppsummering og debrief; tankar om sjølve hendingane og korleis saka utvikla seg, men òg korleis prosessen var for tilsette – fekk den enkelte nok støtte og dekt sine behov undervegs? Gjennom ein slik prosess kan ein bli tryggare på både andre sine og eigne behov, og dermed stå stødigare ved neste møte med uro-melding eller utrygt miljø.

Vegen vidare


Mobbeombodet held fram arbeid for at barn og elevar skal få tatt i vare rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Vi skal også i komande år vere eit lågterskeltilbod for barn, elevar og deira foreldre. Førespurnader som gjeld utrygge barnehage- og skulemiljø har høg prioritet, og vi ser stor nytte i å gi støtte til barn og foreldre i slike situasjonar.

Vi vil fortsetje arbeid med å gjere ombodstenesta kjend i Vestland. Det gjer vi både gjennom ulike oppdrag for foreldre og tilsette i barnehage og skule, og gjennom digitale treffpunkt som informasjon på nett, aktuelle innlegg i sosiale medium og webinar.

Mobbeombodet ser nytte i å støtte ansvarlege i arbeid med både førebygging og handtering av utrygge miljø og mobbing. Det vil vi halde fram med. Og vi vil vere pådrivarar for at kommunane etablerer eigna ressursar for sine tilsette i barnehage og skule. Å lukkast med handtering gir fleire gevinstar ut over det at barn får det trygt og godt att. Mellom anna ser vi at foreldre sin tillit til barnehagen og skulen aukar, og at leiing og tilsette vert tryggare i arbeid med handtering.

Å støtte barn, foreldre og tilsette i arbeid med å skape trygge miljø for alle, tenkjer vi er ein viktig del av ansvaret til kommunane.

Saman for trygge og gode barnehage- og skulemiljø!



Det er lettare å komme vidare med saka om ein forstår ho likt, men det er ikkje ei føresetnad. Ein kan likevel bli samd om kva barnet treng for at det skal bli betre.

- Onsjøen og Drugli, 2010

Kjeldeliste

Barneombudet (2021), «Ungdom om medvirkning og barnerettighetsvurderinger», <https://www.barneombudet.no/uploads/documents/Publikasjoner/Fagrapporter/Barnerettighetsvurderinger-og-medvirkning.pdf>

Breivik, K., Bru, E., Hancock, C., Idsøe, E. C., Idsøe, T., & Solberg, M. E. (2017). *Å bli utsatt for mobbing. En kunnskapsoppsummering om konsekvenser og tiltak*. Henta 01.12.2020 frå <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/a-bli-utsatt-for-mobbing--en-kunnskapsoppsummering-om-konsekvenser-og-tiltak/>


Drugli, Flygare og Nordahl (2016), *Relasjoner mellom elever*, <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/sosial-laring-gjennom-arbeid-med-fag/relasjoner-mellom-elever/larerelev-relasjonen-og-elevelev-relasjoner/>

Drugli, M.B. & Onsøien, R. (2010) *Vanskelige foreldresamtaler – gode dialoger*. Cappelen Akademisk Forlag.

Drugli, M.B. & Nordahl, T. (2016). *Samarbeidet mellom skole og hjem*, Utdanningsdirektoratet. Henta 01.12.20 frå: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/samarbeid/samarbeid-mellom-hjem-og-skole/samarbeidet-mellom-hjem-og-skole/>

Lund, G. E. (2020). Responsivt forældresamarbejde i skolen. *Tema: Forældresamarbejde – en udfordring for læreruddannelsen og et vilkår for skolen. Studier i Læreruddannelse og Profession*. 5(1) (s. 52-72). Henta 01.12.2020, frå <https://tidsskrift.dk/SLP/issue/view/8790/1160?fbclid=IwAR0X-VZabvXRelGLC0Bu4oMpH7qUSSowZ3Fzq9513Dlq0MppEsFwctwYxtc>

Seland et al (2020), *Evaluering av ordning med fylkesvise mobbeombud for barnehage og grunnskole*, NOVA-rapport, https://www.udir.no/contentassets/a252bc9ffb8d43819923e1c2c164a51f/fylkesvise-mobbeombud_nova-rapport-2020.pdf



Politiske saker
PS 30/21 Eventuelt



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/77-28
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	30/21	22.11.2021

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 09.03.2020 i PS 10/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessutan eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.